

Jutulsen

2014

Årgang 18
Årsskrift frå Vågå Historielag



Jutulen

2014

Årgang 18
Årsskrift frå Vågå Historielag


Redaktør: Knut Raastad

Annonser: Dag Aasheim

Tilrettelegging for trykk: Visus, Lom
Trykk: Dalegudbrands trykkeri

Vågå Historielag vil rette stor takk til alle som har medverka til utgjeving av Jutulen 2014. Stor takk til artikkelforfattarane som har kome med interessante, lokalhistoriske artiklar! Vidare går takken til dei som har lånt ut bilete, til annonsørane og elles andre som har gjeve god hjelp.

Framsida: Stortingsmann Ole P. Haakenstad. Bilete utlånt av Ola Håkenstad. Skanning og biletebehandling: Nils Valde.



Statua av Carsten Anker (1747-1824) som står ved Eidsvoll-bygningen vart avduka 16. mai 1914 av Kong Haakon. Forretnings- og embetsmannen Carsten Anker var godt kjend med prins Christian Frederik og vart ein av dei næraste rådgjevarane da prinsen kom til Norge som statthaldar i 1813. Carsten Anker var i 1814 eigar av Eidsvoll jernverk og Eidsvollbygningen. Skulpturen er utført av Jo Visdal frå Vågå.

Innhald

Knut Raastad: Vågå og 1814	side 6
Tone Wisting: Visst kunne folk flest i Nord-Gudbrandsdalen lese i 1814	side 14
Trond Røhnebæk: Edvard Storm, Poul Edvard Rasmussen og flere	side 18
Helene Hovden: Bygdemølla er historie	side 24
Ola Grøslund: Kunstnaren Trygve Haakenstad	side 28
Ole Walle: Storflaumen i 1860	side 32
Gunnar Gjesling Sandbo: Posthistorie for Vågå kommune: Lalm	side 34
Arve Danielsen: Fjellruta – historisk postrute i Sjødalen ...	side 39
Vegard Veierød: Tolstadbuene ved Melingsosen	side 42
Knut Raastad: Surtningssu-bua	side 47
Unn Bostad: Resvollsystemene frå Vågå	side 48
Erik Holø: Bankkasserer Paal Frisvold	side 54
Knut Raastad: Torvstrøhus	side 56
Knut Raastad: Theodore Rathbone og Rathbone-bua	side 62
May og Theodore Rathbone: Brev åt Theodore Rathbone	side 64
Eirik Haugen: Erik Helleløkken	side 68
Ketil Sandviken: Klones	side 70
Gunnar Ottosen: Klokkere i Vågå	side 73
Sigurd Nestande: Arbeidstimar for hest og folk på UppåStrond i 1931	side 79
Dag Aasheim: Museumstanken	side 83
Vågå Historielag: Årsmelding 2013	side 90

Vågå og 1814

Av Knut Raastad

Fredsavtala i Kiel der stormaktene ga Norge til kongen av Sverige vart gjort den 14. januar 1814. Alt den 31. januar reiste Prins Christian Frederik frå Eidsvoll mot Trondheim for å vinne støtte. Den 2. februar var han i Kringom og om kvelden kom han til Tofte på Dovre.

Ole Paulsen Haakenstad var møtt fram der, han var bror til mannen på Tofte. I eit brev til ein annan bror Tjøstel Harildstad skreiv Haakenstad «Jeg var på Tofte forleden for at se Prinsen og øvrige høie Reisende som der var god anledning til, så mange som havde noget at andrage om gav han sig tid til at tale med, om Morgenens før han reiste og efter at alle disse have fået Audiens, nød også jeg den Ære at tale med ham. Jeg sad rolig i Nordre Stue og anede ikke det minste, da et Bud kalte på mig og at jeg skulde opp til Prinsen, jeg blev nesten trist ved dette uventede Bud-skab, ... han lod meg vide at vi snart skulde få noget Amution Han ytrede at Sverige formodentlig vilde overfalde os. Bad mig derfor at oppmuntre Almuen så meget som mulig til at bidrage hvad muligt var til Landets Forsvar, idetsamme han kom ned for at reise forerte han bort 4 Sølv-Penge, hvoraf jeg også fikk en.»

Sølvpengen som Ole Haakenstad fekk vart seinare innfelt i lokket på eit ølkrus. Kruset har innskrifta Michel Gudtormsen Hammer 1746, men seinare er det tilføyd Ole Haagenstad 1837. Mynten er 6 mark og vart laga som ei minnemynt ved Norgesreisa som Frederik 4. gjorde i 1704, på den sida som nå vendar opp er det bilde av han. Under står det «MOD – TROSKAB – DABBERHED - OG HVAD DER GIVER AERE. DEN HEELE VERDEN KAND – BLANT NORSKE KLIPPER LÆRE.» Dette skulle passe i 1814.



I møtet med Gudbrandsdølane var utgangspunktet for prinsen å samle støtte til å ta opp kampen mot Sverige, og seinare skreiv Ole Haagenstad at på spørsmål frå prinsen om det var mogleg for fienden å trengje gjennom dalen kunne han forsikre om at det ville vera vanskeleg forutsett at det vart skaffa ammunisjon, det var mange her som hadde gode rifler. På Tofte vart Haagenstad spurdt om han var av Gjeslingane, prinsen tenkte nok på det tidspunktet å etablere adel i Norge. Det var fyrst på stormannsmøte i Eidsvollbygningen den 16. februar at det vart bestemt å kalle inn til ei riksforsamling som i tillegg til sjølvstende skulle vedta ein ny konstitusjon. Tankar om ny konstitusjon kom fyrst frå enkelte embetsmenn, og etter kvart krevde bøndene stemmerett og såg dette opp mot at det var dei som måtte stille med soldatar.

Utpeiking av valmenn som skulle velja representantar til riksforsamlinga skjedde i Vågå den 4. mars. Her følgjer adressa til Christian Fredrik med støtte til sjølvstendekampen og med val av utsendingar til valmøte. Brevet er underskrivi av presten, lensmannen, ein offiser, ein sakførar og 12 gardbrukarar. For å vise kven underskrivarane var tek vi i parentes med opplysningar som ikkje stod i brevet.

Foto: Knut Raastad.

Til Norges Regent; Hans Høihed Prints Christian Frederik!

Efter at Vaage Menigheds Huusfædre have i Dag, forsamlede i Guds Huus, med rørte Hjerter lovpriset den Allerhøjeste, for den uskatterlige Velgiærning, i Nødens Stund at skiænke Fædrenelandet en Fyrste, der har vildet paatage Sig det byrdefulde Kald, at opretholde dets Love, haandthæve Orden og Rolighed inden dets Enemærker, beskytte det mod udvortes Fiender, og sikre det den Frihed og Selvstændighed, hvortil Naturen bestemte det; og tillige endrægteligen og med sandt Fædrenelands Sind, høitideligen besvoret, at vove Liv og blod for Opnaaelsen af saa vigtige Hensigter – have de dernæst paalagt os undertegnede i samme Menighed bosiddende Mænd, den Behagelige Pligt, at bevidne Deres Høihed den underdanigste og hierteligste Tak, for den Beredvillighed, den høie Ædelmodighed, med hvilken De! Naadigste Prints! Har opofret Dem til dette, i lige Grad store og besværlige Hværv; den villigste Lydighed i alt hvad De! Til Øjemedets – Norges Lyksaligheds Befordring – finder tjenligt; og den mest ubegrænsede Tillid til den Viisdom og Kraft, som det guddommelige Forsyn saa rigeligen nedlagde hos Dem. –

Vi opfylde herved med inderlig Glæde denne Pligt, saavel for os selv, som paa den hele ovennævnte Menigheds Vegne: Ligesom vi og, i underdanigst Følge Regentskabets naadigste Rescript af 19de f.m., have udnævnt og herved udnævne og befuldmægtige: Sorenskriver Mads Bjerregaard, og Ole Poulsen Haagenstad, som Valgmænd for Vaage Præstegiølds Menighed, at møde ved den berammede Forsamling paa Gaarden Hund, den 14de hujus for, med de øvrige Menigheders Tilfordnede (!), at vælge for Christians Amt, de 3de Mænd, der efter høistbemeldte Rescripts videre Indhold, skal deeltage i Beraadslagningerne om, og Fastsættelsen af vort elskede Fædrenelands nye og fremtidige Regieringform. –

Vaage Hoved-Kirke i Gudbrandsdalen den 4de Martij 1814.

Andreas Broch, p.t. forrettende Præst, Provst over Gudbrandsdalens Provstie, Ridder av Dannebrog. (Broch (1746-1818) var midlertidig vikarprest i Vågå, underteikna også i Fåberg der han budde.)

Niels Glatved, Premier Lieutenant ved Oplandske gevorbne Infanterie Regiment. (fødd ca. 1789, Oplandske geværkompani 1810, Gausdalske kompani 1813, i musketerkompani 1815.)

Rasmus Søegaard, Stifts Overrets og Underrets Procurator. (Søegaard (1772-1851) var fødd i København, fullmektig hjå sorenskrivar Bjerregaard i 1801, juristeksamen 1804 og prokurator i Vågå frå da. Sorenskrivar i Vestre Robyggelag frå 1829 og Valdres frå 1840.)

Knud Trosdahl, Lensmand og Dannebrogsmænd. (Fødd i Lom ca. 1744, budde på Håmår på Lalm.)

Iwer Haagenstad, Dannebrogsmænd. (Gardbrukar. Oppretta kornmagasin i 1787. Var også landhandlar. Haakenstad (1746-1826) var frå Bjølstad. Onkel til Ole P Haakenstad som arva garden.)

Tosten Sanboe. (Gardbrukar, fødd ca. 1769. Truleg på ein Sandbu-gard som låg aust for nordgard og nå er borte)

Ole Qvarberg. (Gardbrukar, fødd ca. 1770.)

Paul Christensen Bjørnstad. (Gardbrukar, fødd ca. 1751. Gift med Guri Guttormsdotter Bjølstad/Aasaaren.)

Povel Blesom. (Gardbrukar, fødd ca. 1764.)

Ole Andersen Laurgaard. (Gardbrukar i Sel, fødd ca. 1772.)

Tord Tordsen Biølstad. (Gardbrukar i Heidal, Bjølstad (1776-1843) var svoger til Ole Paulsen Haakenstad.)

Syver Olsen Weggum. (Gardbrukar i Sel, fødd ca. 1771.)

Simen Paulsen Øy. (Gardbrukar, fødd ca. 1768.)

Ole Jacobsen Brekken. (Gardbrukar i Sel, fødd ca. 1786.)

Ole Olsen Slette. (Gardbrukar i Heidal, fødd ca. 1765.)

Thore Gulbrandsen Præstegaard. (Gardbrukar i Heidal, fødd ca. 1784)

Gaardebrugere og med i holdt Pen. (I Vågå var det fleire med holdt Pen, dette var spesielt i høve til andre plassar i Oppland).

Underskrivarane var «Øvrigheds personer og Embedsmænd, samt 12 af Menighedens agtværdigste Mænd». Tre av underskrivarane er nemnde som Dannebrogsmenn, d.v.s. at dei hadde motteke den kongelege Dannebrogorden.



*Minnesteinen på Håkenstad har
innskrifta: «Erindring om
Danebrogsmand Iver Haagenstad fød
paa Bjølstad 1746 + 1826. Guri
Tostensd. f.p. Haagenstad 1746 +
1816. 1820 gav han 330 td. (tønner)
byg til magazines opprettelser.
1821-22 lod han arbeide vei over
Slaadalen m.m. Opsat 1846.»
Fotoutlån: Ola Håkenstad.*

Valmennene Bjerregaard og Haakenstad var ikkje underskrivarar av adressa. Sorenskrivar Mads Bjerregaard (1761-1831) var tidlegare regimentskvartermester. Gardbrukar Ole Paulsen Haakenstad møtte på det overordentlege Stortinget hausten 1814 og seinare 1815, 1816, 1818, 1824, 1827, 1828, 1833, 1836, 1837, 1839 og 1842. Han var son til Paul Tjøstelsen Harildstad i Kvikne og bror av Paul Paulsen Tofte. Mora Mari Tordsdotter Bjølstad var syster til Iver Tordsen Haakenstad. Ole var gift med syskenbarnet Kari Tordsdotter Bjølstad (1785-1868).

Bjerregaard og Haakenstad møtte på garden Hunn i Vardal 14. mars 1814 der representantar frå Oppland til Eidsvoll-forsamlinga vart vald. Desse vart sorenskrivar på Toten Lauritz Weidemann, gardbrukar på Svennes i Biri Anders Lysgaard og sokneprest i Sør-Aurdal Hans Jacob Stabel. I tillegg var det frå Oppland representantar som var valde frå militære avdelingar. Ein av desse var Paul Thorsen Harildstad, kommandersersjant i Oplandske infanteriregiment og gardbrukar på Åmodt ved Sjoa. Dei andre var korporalane Peder Paulsen Balke og Nils Fredriksen Dyhren frå Toten.

Valmennene frå Vågå, Bjerregaard og Haakenstad var ikkje fødde i Vågå. I andre distrikt finn vi eit par valmenn som opprinneleg kom frå Vågå.

Lensmann Jens Petter Jarmann 1773-1862 var ein av to valmenn frå Fron. Jarmann var son til lensmannen i Vågå Lars Jarmann på Uleberg, mora var Karen Margrethe som var dotter til kaptein Jens Tronhuus på Sørem.

Prestesonen Johan Storm Munch 1778-1832 budde i Vågå til han var åtte år, men hadde nok god kontakt med Vågå seinare også da syster hans var prestekone der fram til 1814 og mora Christine Munch flytte attende til Vågå og døydde der i 1825. Storm-Munch var valmann frå Sande i Vestfold til forsamlinga som valde bl.a. grev Herman Wedel Jarlsberg som representant til Eidsvollforsamlinga. Både Wedel Jarlsberg og Storm-Munch var unionstilhengjarar. Storm-Munch var feltprest under statthaldaren prins Christian August i krigen mot Sverige i 1808, og da prinsen vart utnemnd til svensk kronprins i 1809 vart Storm-Munch unionstilhengjar. Også etter at Christian August døde i 1810 heldt Storm-Munch fast på dette. Blokaden frå England og Sverige gjorde at kontakten med Danmark var vanskeleg og alt frå 1809 arbeidde Wedel-Jarlsberg for union med Sverige eller aller helst ein nordisk union.

Alle i Eidsvollforsamlinga frå Oppland var i sjølvstendepartiet. I andre fylker langs svenskegrensa og kysten var det fleire i unionspartiet, dei hadde kanskje større erfaring med elendet som følgde krig med svenskane. Krigen i 1814 starta da svenskane rykte inn i Norge den 26. juli og vara til 14. august da Mossekonvensjonen vart underskrivi. Mange frå Vågå var ute i krigen mot svenskane i 1814, det er nemnd at dei var på ekserserplassen på Etterstad i Oslo nokre veker og at før august var kompaniet stasjonert i Ullensaker bl.a. på Blaker skanse. Enkelte var med ved Lier skanse sør for Kongsvinger 2. august, men det som mest er nemnd er slaget ved Langnes skanse ved Onstadsundet i Glåma ved Askim i Østfold 9. august. Elles har Rakkestad seinare vore nemnd av soldatar frå Vågå, det var der hovudstyrka låg før attendetrekkinga over Glåma ved Langnes.

Det var kampar i regnver og søle med mangel på mat. Kaptein Peder Christian Ring var i 1814 sjef for Waagske kompani som var ein del av Oplandske infanteriregiment. Det var også vagverar i andre kompani, for eksempel Valdres. I fleire bøker finn vi nemnd soldatar frå Vågå i 1814. Vi finn namn i dei sju fyrste kjeldene som er nemnde under artikkelen, fleire av dei viser til det som Ivar Kleiven har skrivi ned. Det var krigstilstand frå 1808, så overleverte minne om dei som låg ute treng ikkje alltid ha vore om akkurat året 1814.

Arne Syversen Klones 1784-1848
 Ola Syversen Klones 1789-1879
 Jakop Olsen Ringneset 1785-1850
 Ola Olsen Ringneset 1789-1876
 Jon Jakobsen Stavseng 1783-1850
 Ola Tjøstelsen Kleppe sygard (Haugøy) 1791-1865
 Ola Iversen Lunde 1790-1844, nigard Lunde
 Iver Skurdal 1790-1840, pottemaker ved Mela
 Ola Skjellom (Odden ved Flatningen)
 Pål Hanssen Tolstad 1792-1864
 Ola Garden frå Skårvangen
 Jo Randen frå Storviksroa
 Per Jonssen f.1788 (stor-Per) frå Nordherad
 Jakob Steinstugun
 Ola Sæta
 Ola Stokkstad (Stor-Stokkstad'n), på Berget
 Lars Trælviken f.1778
 Ivar Øygarden (tambur)
 Ivar Tordssen Kleppe nordgard 1786-1866, sersjant
 Bolstadløkken
 Anders Gresk 1767-1849
 27. oktober 1813 er nemnde nokre som kanskje også var med i 1814:
 Eirik Siem 1790-1867
 Jakob Siem f.1792
 Jon Valle 1782-1841 nordgard (det er kjend at grannen Øystein Valde sygard f.1785 døydde i Kongsvinger i 1809 under krigen med Sverige).
 Ivar Kleiven nemner også Knut Klonesbakken, Per Huden, Hans Kleppe,
 Ola Gresken (kan vera feilskrift for Anders?), Per Strond, Jo Hølmo og
 Eirik Kvarberg, men det er usikkert om dei var ute i 1814 eller om det
 var nokre år før.

Det er ikkje kjend at nokon frå Vågå fall i kampane i 1814, og heller ikkje
 at nokon av soldatane vart teke til fange. Det var likevel ein frå Vågå som
 sat i svensk krigsfangenskap i 1814. Son til sorenskrivaren, Henrik
 Anker Bjerregaard 1792-1842 hadde studert i København og ville heim
 til Norge. 26. juni reiste han ut frå Jylland i open båt saman med to
 studiekameratar og ein offiser, dei vart borda av ein svensk fregatt og
 sett i svensk fangenskap. Midt i september vart han overført til fengsel
 i Halden før han sist i september vart slept fri.

Det fyrste Stortinget vart samla den 8. oktober, der møtte Ole P. Haakenstad. Frå Oppland møtte elles amtmann Ole Hannibal Sommerfeldt, sorenskrivar Lauritz Weidemann og Anders Lysgaard, dei to siste hadde også møtt på Eidsvoll. Av dei 79 tingmennene var berre 19 bønder. Haakenstad var blant dei 25 som 10. oktober på Bygdøy kongsgard tok i mot og underskreiv Christian Frederiks fråseing av trona. Han var og med i deputasjonar til kronprinsen med spørsmål om attendelevering av festningar og om verneplikt. I vernepliktsaka var han aktiv blant eit mindretal som ville imøtekoma eit svensk forslag om at verneplikta skulle opphøyre med det 25. år, spesielt i fredstid. Den 4. november avslutta Stortinget grunnlovsrevisjonen og valde Karl 13. til konge. Kvar stortingsmann gav sitt eige votum, her er votumet til Ole Haakenstad: «De fordoblede Forsvarskræfter, samt de gjensidige Fordeele Sverrig og Norge formedelst sin geographiske Beliggenhed ville kunne erholde, og som giver Haab om Schandinaviens Fremtids Held, er Grunden for mit Samtykke til Rigernes Foreening, og hvorfore ieg hermed vælger Sverrigs Konge Carl den 13de til Norges constitutionelle Konge.» Stortinget vart oppløyst 26. november.



Stortingsmann Ole P. Haakenstad. Kari Ryens versjon av Mathias Stoltenbergs maleri som heng i Eidsvollsbygningen. Fotoutlån: Ola Håkenstad.

Kjelder:

Ivar Kleiven, -sagt og skrivi 2013: Døm som låg ute i 1808 og 1814
 Ivar Kleiven 1907: I gamle Daagaa
 Jakob Sandbu, Årbok for Gudbrandsdalen 1974: Vagværar i krig i 1814
 Per Berg / M. Høgåsen, Årbok for Gudbrandsd. 1961: Frå krigens tid
 M. Høgåsen: Årbok for Gudbrandsdalen 1966: Anders Gresk
 Ivar Teigum 2004: Bygdebok for Vågå og Sel band 2, s. 276
 Tore Pryser 2013: 1814 i Oppland, bønder, øvrighet og soldater
 Tore Pryser, notat og foredrag i Jutulheimen
 Aschehougs Norges historie 1996, bind 7 1770-1830
 eidsvoll1814.no, stortinget.no, wikipedia.no
 Pål Øystein Kvarberg 2000: Slekt i Vågå og Lom
 Slekts- og gardshistorie på Håkenstad
 Ola Håkenstad

Visst kunne folk flest i Nord-Gudbrandsdalen lese i 1814!

Av Tone Wisting

Når det skrives om 1814, er det som oftest de store begivenhetene på Eidsvoll som blir beskrevet. Jeg har sett litt på lokale forhold fra periodene før og etter, siden de har en tendens til å bli glemte.

Litt bakgrunnsstoff

I 2014 skal vi markere at det er 200 år siden landet fikk en grunnlov på Eidsvoll, ble et demokrati, og løst fra unionen med Danmark. Når så store begivenheter inntraff, kan man spørre seg om folks lesekunnskaper var tilstrekkelige for å få med seg disse hendelsene. Hvordan sto det egentlig til med skolestell og kunnskaper blant folk flest, dvs. allmuen, i tiden rundt 1814. Det er deler av prestegjeldet Vågå som har fanget min interesse.

Det har blitt hevdet at bøndene som deltok i grunnlovsarbeidet på Eidsvoll var mest staffasje, at de forsto lite av det politiske spillet som utspant seg. Det er nok ikke riktig. De fleste utsendingene var for storbønder å regne, og var vel bevandret i såvel lese- som skrivekunnskaper, og forsto godt hva som skjedde. Flere deltok aktivt i debattene.

Det er ikke dermed sagt at lokalbefolkningen i Nord-Gudbrandsdalen fikk med seg hva som foregikk. Riktignok var det begynt å komme ut aviser, men disse ble sendt ut til en liten leserkrets, antakelig bare til folk fra overklassen. Heidal hadde for øvrig en representant til Riksforsamlingen, det var sersjant Pål Torssøn Harildstad, født på gården Søre Harildstad. Senere drev han gården Aamodt ved Sjoa i daværende Nord-Fron. Siden han var militær, representerte han valgdistriktet Oplandske infanteriregiment for Akershus fylke. På Riksforsamlingen forsøkte han å fremme bøndenes interesser. Storbonden Ole Haagenstad fra Vågå kunne i prinsippet ha vært utsending, men han fungerte som valgmann for representanter til Riksforsamlingen, og var ikke selv utsending. Senere ble han en av de fremste bondelederne på Stortinget etter 1814.

Antakelig hadde folk flest nok med å overleve. Fattigdommen lå som en klam hånd over deler av området. Historien forteller om en vedvarende nedgang helt fra flommen som rammet Sel i særlig grad i 1789 og nesten utraderte bygda, og til gjentatte uår på 1800-tallet.

Leseferdigheter

Selv om allmuen antakelig ikke fikk med seg så mye av det som skjedde på Eidsvoll, er det ikke dermed sagt at de var analfabeter. Allerede midt på 1700-tallet hadde mange lært seg å lese. De av leserne som er så heldige å ha arvet gamle bøker, har kanskje vært klar over nettopp dette. Man kjøpte ikke bøker på 1700-tallet dersom man ikke kunne lese. For å illustrere hvor dyrt bøker var, kan det være interessant å se på noen eksempler: En bibel ble taksert til seks riksdaler i Vågå i 1761, mens den dyreste kua gikk for fem. På Storrusten i Lom ble en annen bibel i 1772 taksert til hele 10 riksdaler, mens taksten på en av de beste hestene lå på 15. Det var helst på auksjoner og skifte etter embetsmenn og storfolk at bøndene kunne skaffe seg brukte og billige bøker. Nye bøker var svært dyrt, og ikke til å tenke på for allmuen. Det som er verdt å merke seg var at bøndene nesten alltid kjøpte billige bokpakker, de såkalte "Pieser" som inneholdt ulike små bøker, eller de kjøpte gamle, nesten utslitte bøker for en slikk og ingenting. De gikk sjelden etter bestemte bøker, innholdet var ikke så viktig, men at de fikk lese! Mang en tanke og ide, som kanskje for lengst var forlatt i en verden langt unna, har nok blitt oppfattet som både ny og interessant for kjøperen i Nord-Gudbrandsdalen. For ham var tankene nye, og boka en kilde til kunnskap.

Fremmede som dro gjennom dalen på slutten av 1700-tallet var forundret over at kunnskapsnivået var så høyt i bygdene som lå oppover mot Dovrefjell, tiden tatt i betraktning. En turist noterte at de fleste bønder kunne skrive, og gjerne leste både loven og krøniker (historiske faktafortellinger). En annen som i 1806 passerte bygdene hadde en teori om at prestene i Nord-Gudbrandsdalen hadde mye av æren for de gode lese- og skrivekunnskapene, fordi de hadde mer personlig omgang med bøndene enn i Sør-Gudbrandsdalen. Kanskje er ikke denne teorien helt gal. Sikkert var det at Vågå hadde flere dugelige prester i siste halvdel av 1700-tallet. Et eksempel er Johan Storm. Han var sogneprest i Vågå fra 1745-76. Tross mye seig uvilje blant folk fikk han likevel til mye.

Sønnen hans, dikteren og læreren Edvard Storm (1749-1794), fikk fart på leselysten i bygda, og det er nok helst han som vil bli husket.

Han knyttet tidlig vennskap med bonden, læreren og klokkeren Jacob Danielson, populært kalt "Sambuklokkeren", på gården Sandbu i Vågå. Da Edvard Storm flyttet til København, sendte han jevnlig brev til vennen sin i Vågå medfølgende både penn, papir og ellers hva man måtte trenge til skriverier på Sandbu. Men ikke bare det, han sendte også bøker, både religiøse og verdslige, og lovet "Sambuklokkeren" at bøker skulle han aldri mangle. Han holdt sitt ord, og oppfordret også vennen til å lære seg å lese og forstå tysk. Det ble etter hvert så mange bøker på Sandbu at man kalte det et bibliotek. Det ble nesten som en folkeboksamling. Folket på Sandbu var snille til å låne ut til folk i bygda. På den måten kom nok denne boksamlingen til å vekke til live en større leselyst enn man kunne forvente.



Statsledelsen startet den obligatoriske leseopplæringen

I eneveldet Danmark-Norge var statsledelse ensbetydende med dansk kongen. 1700-tallets pietisme vekket også kongemakten, som tok til orde for at allmuen skulle opplyses og oppdras i den kristne tro, og obligatorisk konfirmasjon ble innført i 1736. Skolens viktigste oppgave var å lære

barna å lese slik at de kunne tilegne seg religiøse tekster.

I konfirmasjonsforordningen sto det utrykkelig at det var presten som skulle undervise konfirmantene, minst to ganger i uken i tre måneder før konfirmasjonen.

For første gang kan vi lese om en generell undervisningsplikt.

Tre år etter kom skoleforordningen om skolene på landet. Sammenlignet med forordningen av 1736 var skoleforordningen revolusjoner-



Huspostill er preikesamling til bruk ved husandakter.

ende. Heretter skulle biskopene, stiftsamtmennene, prostene, fogdene og prestene ha ansvaret for at skoleplanene ble gjennomført. Siden omkostningene ble pålagt befolkningen, forsto mange raskt at skoleplanene vanskelig lot seg realisere. Folk flest hadde ikke økonomisk evne til å bidra.

Obligatoriske fag etter forordningen av 1739 var religionsopplæring, leseopplæring, skriving og regning, men det forelå en lærerinstruks som fastslo at det skulle undervises i de to sistnevnte kun dersom foreldrene ønsket det. Derfor ble det så som så med skrive- og regneundervisningen, som ikke ble tatt inn i den obligatoriske undervisningen før et stykke inn på 1800-tallet.

Skolestellet i Nord-Gudbrandsdalen

Kort fortalt: heller ikke her var skoletilbudet rare greiene i tiden etter at forordningen kom på plass. Det var omgangsskolen som gjaldt, og skolen besto ikke av annet enn det omgangsskolelæreren fikk plass til i skreppa si. Som oftest var de unge menn som lot seg lokke til å bli skoleholdere fordi de etter sju år i tjenesten slapp militærtjeneste. Det er ingen overdrivelse å påstå at skolevesenet av ulike grunner sto på skrøpelige føtter.

Allikevel, de fleste lærte seg å lese, og dessuten ta vare på et levende kulturliv som gjennom tidene har blomstret, selv om katastrofer og uår i perioder rammet området stygt. Det er ikke uten grunn at eventyrkongen Asbjørnsen nettopp i området rundt Sel og Vågå høsten 1842 fant mye av det han lette etter da han jaktet på norske folkeeventyr. Men det kom ikke rekende på ei fjøl. Viktige ildsjeler på begynnelsen av 1800-tallet bidro nok i stor grad til dette.

Artikkelen er også publisert i Norddalen.

Edvard Storm, Poul Edvard Rasmussen og flere

Av Trond Røhnebæk

I ”Jutulen” for 2012 finner vi en svært interessant artikkel om ”Prester i Vågå Sogn etter 1745”. Den første som nevnes her er Johan Mikkelsen Storm, 1745 – 1776. Han var prest i første generasjon, som sønn til en smed i Christiania, og var for øvrig en mangslungen kar som preget Vågåbygda i over 30 år. På Vågå prestegard var det i hvert fall liv og røre, for soknepresten var gift tre ganger. I første ekteskap hadde han tre barn med den 25 år yngre kona som døde 1747 – 27 år gammel. Hans annet ekteskap varte til 1760, og med Ingeborg Birgitte Roning, som hun hette, hadde han fire barn. Ingeborg var sorenskriverdatter. Det var også hans tredje kone, far hennes var sorenskriver nettopp i Vågå. Ekteskapet varte fra 1761 – 1776 da Johan Mikkelsen Storm døde. Enka levde til 1782. Dette ekteskapet var barnløst.

Født under Jutulsberget

Eldste barn i annet ekteskap var sønnen Edvard J. Storm som ble døpt i Vågå kirke 28. august 1749. Da hadde far hans vært prest i bygda i fire år. Som 12-åring ble Edvard sendt til Christiania katedralskole. Prestesønnen hadde allerede da blitt lagt merke til for sine gode evner, samtidig som han var en svært snill og god gutt som ble populær i kameratflokket. Etter examen artium reiste Edvard til København i 1764. Men han var i perioder tilbake i heimbygda både mens han var i Christiania og København. Edvard Storm var i yngre år sterkt knyttet til foreldreheimen – prestegarden i Vågå, og ikke minst naturen der. I motsetning til mange embetsmannssønner i hans samtid kom han til å stå bygdefolket nær.

En tjenestegutt i prestegarden var i slutten av 1760-åra blitt hans elev og gode venn som han brevvekslet med i fortrulige brev. I et av breva sendte han helsing til Ragnhild Hammer, bondedattera som også nevnes i et av hans personlige dikt ”Erlands Ode til Jutulberget”. Hun var hans livs store kjærighet. Men en prestesønns ekteskap med ei bondejente ble betraktet som en mesallianse og kunne skade hans

utsikter til sjøl å bli prest – og faren, smedsønn sjøl, forhindret da mulighetene for et ekteskap. Det var på et av sine sommerbesøk han ble kjent med Ragnhild. Edvard forelsket seg i henne og de ble trulovet, men forlovelsen gikk over styr, og det gikk slik til: Smedsønnen fra Christiania var jo blitt en mektig embetsmann i Gudbrandsdalen og var gift med ei sorenskriverdatter som nå var død. Prestens tredje og siste kone var også sorenskriverdatter. Dette var kanskje årsaken til at den mektige og strie soknepresten gikk i sinne og oppsøkte Ragnhild Hammer og presset henne til å heve forlovelsen. Ragnhild ble ulykkelig, men enda ulykkeligere ble Edvard da han fikk brev og melding om dette fra heimbygda. Edvard reiste nå til København for godt. Her fortsatte han sine private studier og sin diktning preget av heimlengsel, kjærlighetssorg og depresjon.

I København ble han etter hvert lærer og seinere styrer ved den såkalte "Efterslægt-Selskabets skole" samtidig som han fortsatte å skrive viser, vers og dikt. Mest kjent er nok "Heimreise fraa Sætren" og "Zinklar visen". I viser som "Førkja aat Guten" og "Huldra aa `n Eiland" ligger Edvard Storms ulykkelige ungdomskjærlighet i botn.

Hans gode språkkøre og sterke interesse for dialekter førte bl.a. til at han i 1769 laget ei dialektsamling frå Vågå og Gudbrandsdalen. I vår tid er det vel naturlig å se på E. Storm som en forløper til menn som Olav Aukrust (1883 – 1929), og ikke minst Ivar Kleiven (1854 – 1934) når det gjaldt å gi gudbrandsdalsmålet litterær hevd.

Mange før meg har pekt på at han i alle år lengtet tilbake til Vågå. Han elsket heimbygda og folket der, og ikke minst vågålet. Ja, han var virkelig "heimlaus, frendelaus og lite kjend og likar på leiken ille", som Ivar Aasen uttrykte det. Han ble etter hevert en grublende einstøing som var lite sammen med andre nordmenn i København. Han vanket heller ikke i det "Det norske Selskab". Grunnen til at han ikke dro dit, var først og fremst at han syntes de drakk og bråkte for mye der. En annen grunn var at de spottet og snakket stygt om den danske dikteren Johannes Ewald (1743–1781) som Storm satte svært høyt og var glad i.

Men den intelligente vagværen i Danmark gjorde mer. Forut for si tid reiste han ut fra tvillingrikenes hovedstad og ut på landsbygda. Her traff han ved en tilfældighet en ekte dansk bondegutt, Poul Edvard

Rasmussen. Poul hadde en vanskelig barndom og mistet tidlig foreldra sine. Storm besøkte heimbygda til Poul og lærte han der å kjenne. Han skjønnte at gutten var kunstnerisk svært begavet og meinte han hadde ei framtid dersom bare noen hjalp han på veg. Storm adopterte like godt denne unge gutten og tok han med seg til København der Poul leste



til juridisk embetseksamen. Seinere skulle det vise seg at han var svært musikkinteressert, og han endte da som komponist. Om hans musikkutdanning veit vi lite i dag. men etter den tida ble han gammel, født 1776 og døde 1860, dvs 84 år. Han var med andre ord 27 år yngre enn Storm. Da Rasmussen og Storm møttes, var antakelig Rasmussen 15 -16 år og Storm 42 -43 år, en ung adoptivfar i forhold til en nesten voksen "sønn".



Ullinsvin. Fotoutlån: Anne Marie Bolstad.

I Gustav Bøhns sangbok, "Syng i Flok", finner vi foran i boka noen biografiske notiser om komponistene hvor Poul Edvard Rasmussen blir nevnt med fem linjer. Rasmussen har da også bare en komposisjon med i boka, nemlig "Danevirke", en lovsang til Danmarks ære og skjønnhet, der teksten bygger på ei gammel dansk vise.

Dannevirke

Danmark deiligst vang og vænge,
lukt med bølgen blaa,
hvor de voksne danske drenge
kan i leding gaa
mod de sakser, slaver, vender,
hvor man dem på tog hensender.
En ting mangler for den have;
Ledet er af lave

Dannemark vi nu kan ligne med en fruktbar vang,
Hegnet trindtomkring; Gud signe det i nød og trang!
Lad som korn opvokse knegte,
der kan frisk mod fi'nden fægte,
og om Dannebod end tale,
naar han er i dvale.

Det er også antydning at det var Storms adoptivsonn som lagde ei kritttegning av Storm (gått tapt) som seinere ble en litografi etter et kobberstikk av Flintoe.

Edvard Storm betydde mye for si samtid, og han knyttet forbindelser mellom flere av tidens kulturbærere. En av dem var Edwards søstersønn, Johan Storm Munch (1778 – 1832) som var født på prestegarden i Vågå. Han var sønn til Vågåpresten Peder Sørensen Munch (1740 - 1802) som etterfulgte Edvard Storms far som prest i Vågå. Johan Storm Munch var barn nummer sju i en søskenflokk på 12. Han oppholdt seg som ung flere år i Danmark og var jo jevnaldrende med Poul Rasmussen.

Storm Munch ble en kjent og anerkjent person i si samtid. I 1814 ble han sokneprest i Sande i Vestfold, og ved sin død var han blitt biskop i Christiansand stift. Storm Munch betraktes som en av forløperne til Henrik Wergeland. Nevnes bør også at Storm Munch ga ut tidsskriftet

”Saga”, Norges første tidsskrift etter 1814, og der en annen vagvær, Henrik Anker Bjerregaard skreiv et historisk skuespill. På 16 – 17 og 18 hundretallet preges kulturlivet i Norge og Norden av oppvekstvilkåra til tre yrkesgrupper: offiserer, jurister og prester, og ”størst blant dem” var presteskapet. Det tør være nok å nevne de før omtalte Edvard Storm og Johan Storm Munch, men også prestesønnene Henrik Wergeland, Johan Sebastian Welhaven og Bjørnstjerne Bjørnson.

Går vi vel 150 år fram i tid, møter vi en annen kjent gudbrandsdøl, husmannsgutten Knut Hamsun (1859 – 1953) da han som 50-åring karakteriserte seg sjøl slik: ”Jeg er fra Jorden og Skogen med alle mine Røtter” Han hadde djupe bonderøtter. Men han kom ikke til på noen prestegard, men derimot på Skultbakken i Vågå.



Ullinsvin 1922.

Bygdamølla er historie

Av Helene Hovden

Heilt fram til 1974 var det drift i den gamle mølla ved Nugga. Ola og Steinar Håkenstad kjenner godt historia om bygdemølla som opphavelag stod nordmed Finna. Historia om den gamle bygdemølla er dårleg dokumentert reint bildemessig. –Det er synd, seier Ola og Steinar.

Kjøpekontrakt frå 1781

Fram til flaumen i 1938 stod det ei mølle på Håkenstadvollen ved Finna. Nærmare bestemt der Alf Bakke har bygd seg hus. Kva år mølla vart bygd, er det ingen som veit. Men Ola Håkenstad har ei kjøpekontrakt mellom Håkenstad og Lye frå 1781. –Mølla var sikkert mykje eldre enn det. Truleg hadde Lye vassrett frå den gongen Finna hadde utløp i Vanglandet, seier Ola som trur mølla den gongen låg på andre sida av elva.

I starten var mølla drevet av ein vasssturbin. I 1908 kom likestraumen og litt seinare vart den skifta ut med vekselstraum. –Framleis kan ein sjå restane etter kraftanlegget som forsynte mølla med straum, seier Steinar.

Travelt i høgsesongen

Tessa og Finna var dei einaste bygdemøllene i Vågå. Derfor var det travelt i høgsesongen når alle skulle male kornet sitt. I regnskapsboka etter Ole P. Håkenstad frå driftsåret 1920-1921 kan ein danne seg eit bilete av korleis livet ved mølla må ha vore. Malinga starta i november med 93 besøk på sju dagar. Sidan gjekk kvernene jamt heile vinteren til juli månad. Dei travlaste månadene var frå januar til april med heilt opp i 127 besøk fordelt på 25 dagar.

Ved mølla var det tilsett ein møllemeister med bustad på garden. Ifølgje rekneskapan for 1920/21 var det seks mann på lønningslista. I den travlaste tida om vinteren var dei tre mann i arbeid til ein kvar tid, ofte med nattskift. Dagløna var femten kroner i mølla og tjuge for arbeid på dammen. Ising i møllerenna var visst nok eit stort problem. Ofte gjekk det med fleire dagar til å hogge is. Dette var arbeid som krevde sin

mann. Ut ifrå rekneskapen å døme vart ein ikkje rik av å drive mølle. –Det blir sagt at einaste overskotet var i kafeen, humrar Ola.

Tatt av flaumen

Da vatnet trekte seg attende etter storflaumen i 1938 vart det klart at mølla var borte og fyrste etasje i møllerbustaden var full av sand. Øy gav ny tomt ved Nugga og byggmeister Jakob Sagsletten kunne gå i gang med bygginga. Den nye starten var prega av optimisme. Eidefoss-utbygginga var komen så langt at dei kunne garantere straum, tomta låg sentralt og dei kom seg bort frå elva som hadde skremt dei.

Både Ola og Steinar har arbeidd på «Møllerbakken» og har mange minner frå den tida. –Den siste som kom der med hest var Øystein Uleberg, mimrar Ola. Ofte hadde mjølkebilen med seg ein sekk eller to med korn frå gardane. Men med avgrensa plass stoppa dette seg sjølv. –Ei periode var det faktisk kornrute på same måte som mjølkebilen henta mjølk. Mange hadde også med seg ein sekk når dei var i moom og handla, seier Steinar.

Vart med i heisen

Det har vore mange episodar gjennom åras løp. Mølla hadde tre etasjar og for å få kornet opp hekta dei ein kjetting på sekken og heisa den opp. –Det skjedde faktisk at folk fekk inni fingrane og vart med opp. Det var ikkje brems på heisen, så hadde ein fyrst begynt å trekkje opp kunne ein ikkje stanse før ein var oppe, humrar Ola.

Tida flaug ifrå bygdemølla. Skurtreskaren kom og kapasiteten vart for liten. –Det vart teikna sluse for å kunne ta imot laust korn, men heldigvis vart det ikkje noko av, seier Steinar. Han har seld området til Sinclar som har rive mølla. Dei har sett opp fire nye leilegheiter på tomta. –Det var på tide at mølla vart rive. Den har utspelt sin rolle, seier Steinar.

Artikkelen er også publisert i Norddalen.

Drift av tamrein frå Røros eller Nord-Norge til Valdres eller Vestlandet over Håkenstadjordet ca. 1915. Nede ved Finna der ho gjer ein sving ser ein den gamle mølla. Fotoutlån: Ola Håkenstad.





Kunstnaren Trygve Haakenstad

Av Ola Grøslund

Vågå har spelt ei sentral rolle når det gjeld målararkunst, for natur og kultur i bygda har vore motiv for mange besøkjande og innfødde målarar. Av kjende målarar som har verka her, kan eg nemne Erik Werenskiold og Gustav Wentzel og elles teiknaren Torbjørn Egner. Edvard Munch veit vi òg hadde ei viss tilknytning til Vågå. Av innfødde målarar er det mange, slike som Kristen og Halvdan Holbø, Olav Hanslin og Ola K Stokstad. Vågå-sommaren 1894 er eit omgrep. Kristen Holbø hadde 10 unge målarvenner her heile sommaren og delar av hausten, og blant desse kan nemnast Halvdan Egedius, Lars Jorde og Johanna Bugge.

På denne bakgrunnen var det naturleg at Trygve Haakenstad (1913 - 1993) vart kunstnar, interessert i natur, bygdekunst, lokal historie og tradisjon som han var. Han var ein habil treskjerar som har laga mange figurar i tre og gips, og samstundes ein flittig teiknar som ikkje minst gav gamle hus sjel og særpræg. Dei fyrste kunstverka som er bevart av han, er teikningar frå 1922 med påskrift som viser til ein russisk flyktning som budde på Håkenstad ei tid. Han var nok den fyrste store inspirasjonskjelda for Trygve. Lærar og klokkar Anders Skrede ivra for kunstmåling og kom til å bli ein sterk stimulator for å få Trygve til å utvikle evnene sine som målar. Målararkunsta kom difor til å bli spesialområdet hans.

Viktige læremeistarar for han vart Lars Jorde på Lillehammer, som han gjekk hos i 1930 – 31, og Torstein Torsteinsson i Oslo i 1933. Det kom til å bli eit langt liv som kunstmålar med studiereiser og utstillingar. Stipend frå Oppland fylke og Statens garantiinntekt frå 1978 gav eit økonomisk grunnlag for verksemda. Trygve såg òg behovet for å koma til utlandet og lære meir, og studiereiser vart det difor mange av: Heile fem gonger til Italia, elles til Hellas, Island og Israel. Etter kvart vart det mange utstillingar av måleria hans, til dømes i byane rundt Mjøsa, Kristiansund og Molde, Elverum, Sandefjord og så sjølv sagt Oslo.

Trygve Haakenstad måla gjerne natur og kulturlandskap som gardar og gamle hus, og etter kvart brukte han òg ymse figurar frå segner og eventyr. Familien åtte Hindsetra, så det er mange maleri frå området der, til dømes av Stuttgongkampen. Eit anna motivområde er Leirungsdalen, der han fekk seg hytte. Dei mange studie-reisene til Italia førte til fleire maleri, frå bl a Roma. Portrett har han òg laga, men han var ikkje så interessert i dette.



Trygve Haakenstad målar garden nigard Lunde i 1930-åra. Fotoutlån: Ola Håkenstad.


Han begynte med å måle meir realistisk og fotografisk, og dei fyrste maleria framstiller gjerne sommarlandskap med sterk og dominerande grønfarge. Eit tidleg målarstykke av Jutulporten syner det tydeleg. Etter som han fekk fleire år bak seg som kunstnar og lærde meir, gjekk han bort frå denne stilen. Han kom til å stille seg kritisk til mange tidlegare målarstykke. Våren vart nå årstida hans. Så fort det var flekkjebert, tok han med seg målarutstyr og la i vegen for å teikne og måle. Han fylgde på ein måte våren til fjells, men har elles mange målarstykke av haustfjell. Arbeidsmåten hans var gjerne slik at han laga skisser og måla ferdig heime.

Typisk for han vart etter kvart sansen for kraftige og varme farger som raudt, oker, grønt og blågrønt. Mange av dei seinare maleria hans var fargerike. Han måla gjerne på gamle trefjøler for at fargene skulle koma betre fram. Rammene kunne òg vera av same vraket.

Måleria hans var figurative, altså motivet var greitt å kjenne att. Etter krigen vart han noko påverka av modernismen, som kom for fullt innan målarkunst og litteratur sist i 1940-åra. Motivet vart framstilt meir diffust med vekt på store linjer og færre detaljar, og fekk ei meir symbolsk tyding. Oppleving og kjensler vart viktigare enn den ytre verkelegheita. Såleis kom han til å utvikle ein personleg stil. Naturen og figurane fekk sjel og liv.

I tillegg laga han kartongar for fleire, t. d. dottera Åse i applikasjon og Marit Hamre i bilettev. Nemnast spesielt må det lange samarbeidet med Rakel Onsum Berg frå Dombås/Dovregubben.

Trygve Haakenstad var god å ha i bygda. Han hjelpte gjerne lag og organisasjonar med ymse illustrasjonar, og svært ofte var dette gratisarbeid. Han var ein omtykt målar, og mange fekk seg målarstykke laga av han, ja somme vart reine samlarane. Kunstforeiningane bl a i Molde, Sandefjord; Elverum og Gjøvik har kjøpt inn bilete han har måla. I tillegg til den kunstnarlege innsatsen gjennom rundt 70 år vart han ein av hovudpilarane i arbeidet for Vågå historielag med i alt 15 år som formann og 23 år i styret!




Det seier seg sjølv at han har Kulturprisen for Vågå kommune.

Han er utan tvil av dei fremste kunstnarane bygda har fostra, og difor er det viktig å ta vare på og heidre minnet hans. Vi må ha tru på oss sjølve og såleis å ta vare på minnet om våre eigne kunstnarar på ulike område, samstundes som vi verdset og legg til rette for dei som lever nå. Dette er med på å gje bygda ein identitet, eit viktig grunnlag for å trivast.

Kjelder:

Norsk kunstnarleksikon

Åse, Mari og Steinar Håkenstad



*Trygve Haakenstad i Leirungsdalen siste leveåret i 1993.
Foto: Ketil Sandviken.*

Storflaumen i 1860

Av Ole Walle

Storflaumen i 1860 var eit samanfall mellom store mengder regn under snøsmeltinga i juni. I rapporten sin til amtet skriv lensmannen Ole Walle den 26. juni: (siteret frå Kanalvæsenets historie frå 1881, s. 252 f.)

I et par Timers Tid var Ottaelven stegen aldeles over sine Bredder og stod mindst 6 à 7 Kvarter over Veien fra Søreim til Sandbo, saa at Færsel efter Veien var en Umulighed. Da jeg ankom til Finnabroen var Veien paa

Finna og Finnbrua. Fotoutlån: Gunnar Sandbo.



begge sider af denne Bro overskyttet af Finnaelv i flere Hundrede Alens Længde, saa at Adkomsten til Broen var en Umulighed eller mindst forbunden med den yderste Livsfare for Heste og Folk. Finnaelv gik med en rivende Strøm over Veien paa Broens begge Ender, saavel som i Veistrækningen opover fra Broen til Haakenstad.

Et stort, men skrækkeligt Naturspil vistes her. Elven medbragte en uhyre Mængde Grus og Sten, der i nogen Tid opdæmmede dens Vand og bragte det i de strideste Strømme udover til begge Sider. Man frygtede hvert Øieblik, at Elven ville nedrive Finnabroen og den strax nedenfor liggende Vaage Kirke, og at den vilde gjøre et nyt Far under Øi over den flade Mark til Sandbogaardene. Man fandt det uundgaaeligt, at en stor Ødeleggelse vilde finde Sted, hvor Hovedgjennembruddet skede. Forventningen og Spændingen om, hvor Ulykken vilde ramme, var frygtelig. Efter en Times Tid var man ikke længere i Uvished. Elven havde gjenlagt sit Far med Sten og Grus imellem 1 og 2 Alens Høide gennem det hele Leie og brudt et til dels nyt Far i Nærheden af Vaage Kirke, hvor en Arm af Elvesengen havde givet Afløb for en liden Del af dens Vand.

Den brød ind paa Vaage Præstegaards Eiendom, borttog i et Par Timers Tid Husebygningerne paa den Vaage Præstegaard tilhørende Plads Klokkergaarden, hvis Jordvei den aldeles ødelagde, borttog Gaarden Løbe No. 84 Smedsmoens Ager og Engmark, hvoraf kun en ubetydelig Strimmel er tilbage, og fortsatte med Bruddet paa den Vaage Præstegaard tilhørende betydelige Agerland Halland kaldet, indtil man ved improviserede Forbygninger i elven fik Vandet saavidt bortledet, at dets ødelæggende Virkninger paa Vaage Præstegaards Eiendomme, Halland og Moend, bleve indtil Videre stansede.

Efterat Elvens Gjennembrud var fuldført, forsvandt Vandet efterhaanden fra Veien, men denne var opreven i flere hundrede Alens Længde; de stærke Forskandsninger mod elven opover til Haakenstad og Opgaardene vare gjennembrudte og Veien bedækket med Sten og Grus i en saadan Høide, at den neppe var gjennemtrængelig af de Gaaende. Finnabroens Soliditet, og især dens stærke og vel tracerede Skjærme, reddede formentlig alene Vaage Kirke. Broen staar aldeles ubeskadiget, Skjærmene have vel lidt nogen, dog ikke betydelig Skade.

O. s. v.

Posthistorie for Vågå kommune: Lalm



Av Gunnar Gjesling Sandbo

Lalm poståpneri ble opprettet 1. oktober 1884 under navnet LALUM, og i "Circulære fra Poststyrelsen" fra 15. september 1884 finner en følgende :

I "Circulære fra Poststyrelsen" fra 15. september 1884 finner vi følgende:


Tilfølg Kongelige Resolutioner af 22 December 1883 og 16 Juli 1884 vil der fra 1 Oktober 1884 blive underholdt følgende Postaabnerier:

1. **Lalum** i Vaage Herred, nordre Gudbrandsdalens Fogderi, Christians Amt, Christiania Postdistrikt.

Fra samme Dato vil der blive igangsat:

1. en 2 Gange ugentlig Bipost mellem Hedalens og Vaage Postaabneri om Lalums Postaabneri istedetfor den nuværende ugentlige Bipost mellem Hedalen og Vaage.

Som første poståpner ble tilsatt Anders Hansen Jevne. Jevne var opprinnelig fra Kvam, og var født i 1850. Han startet sin løpebane som handelsbetjent hos Hvattum i Kvam, men flyttet til Lalm hvor han startet sin egen butikk på Bruvik. Denne butikken hadde han fortsatt da han i tillegg ble tilsatt som poståpner fra 1.10.1884.



*Parti fra Bruvik
Skydsstation, bilde
fra ca. 1905.*

Før det kom posthus på Lalm, ble posten hentet ved passende anledning i Vågåmo, og var ikke alltid så fersk når han kom fram. Etter ei tid fikk Lalmingane postkaren fra Heidal, som henta posten i Vågåmo, til å ta med posten fra Vågåmo til Lalm 2 ganger i veka. Dette for betaling fra folket i bygda. Dette forsatte til jernbanen ble åpnet til Otta i 1896.


Da kom Ottadalsposten (som sammen med Heidalsposten før hadde kommet over Rusten fra Sel) med hest fra Otta 3 ganger pr. uke. (Heidalsposten kom da fra Sjoa)

Jevne bodde først på Bruvik, men flyttet og bodde en kort tid i et eldhus på Bjørnstad, før han flyttet til Runningen (et sted nær Bårstad). Poståpneriet var fortsatt på Bruvik, sammen med butikken, men butikken begynte å gå dårlig. Jevne kjøpte seg da en gammel stuebygning på Hammer, som han flyttet ned til hovedveien, der Klebberveien i dag går oppover. Stedet har siden fått navnet "Gammelposthuset". Poståpneriet ble flyttet dit i 1898/99, og i tillegg til posten hadde han også telefonsentralen.




*Lalms første poståpner,
Anders Hansen Jevne.*

Lønn som poståpner hadde han ikke de første årene, det var nok kun noen prosenter av frimerkesalget, men i årene fra 1895-1900 hadde han kr.160.- pr. år. Fra 1901 hadde den steget til kr. 240.-.






Fra gammelskolen på Lalm (ca. 1920-22), hvor posthuset var 14 mnd. i 1925/26.



Sjåfør: Iver Bragelien. Bak kona Helene med barna, Klara (senere gift Jordet), Marthe (senere gift Mœhlum).



Parti fra Lalm. Søndagstur på Lalmsvatnet 1927, utenfor Bruvik. I båten ser vi de 3 som har vært poståpnere på Lalm, fra v.: Helene Bragelien Jordet, Klara Bragelien Jordet, Marie Eide, Johan Eide, Anton Eide, Lars Folkedal og Iver H. Bragelien.

Jevne fortsatte som poståpner på "Gammelposthuset" helt frem til 30.6.1919, 69 år gammel. To år før han sluttet hadde han vært med på navnebytte fra Lalum til Lalm. Jevnes 2 døtre, Inga Jevne og Anna Jevne Lund, kunne fortelle at de ofte var med og hjalp faren med posten, som ikke alltid kom til faste tider. De kunne også fortelle at stuen som kom fra Hammer hadde historisk sus over seg, da den hadde stått på Hammer siden før "Skottetoget" i 1612.



Fra 1.7.1919 ble det ny poståpner på Lalm, da Olav Saastad overtok. Da ble poståpneriet flyttet tilbake til Bruvik, hvor Saastad nå hadde begynt med butikk og kafe. Han hadde stillingen frem til 31.7.1925.



1.8.1925 fikk Lalm sin første kvinnelige poståpner, da Ida Nygaard Fredriksen overtok stillingen. Hun var datter av lærer Pål Nygaard. De bodde på skolen, og følgelig kom nå poståpneriet til gammelskolen. Dette ble av kort varighet, bare 14 måneder.

Fra 1.10.1926 kom poståpneriet igjen tilbake til Bruvik. Nå var det Iver H. Bragelien som ble poståpner, og poståpneriet ble nå på Bruvik frem til 100-års jubileet i 1984. Iver H. Bragelien kom til Lalm fra Sjoa i 1923, og startet butikk og kafe på Bruvik. Han overtok som nevnt posten fra 1.10.1926. Konen til Iver, Helene Bragelien tok etter hvert over arbeidet med posten da Iver ble syk, og fra 1.2.1951 ble hun ansatt som poståpner.



Fra 1.2.1967 overtok datteren, Klara Jordet etter å ha vært konstituert fra 1.10.1966, nå med tittelen "Poststyrer ved Lalm postkontor C". Da Lalm postkontor feiret 100 år 1.10.1984, var kontoret blitt for lite, og 3 uker etter jubileet flyttet posten inn i nye lokaler i Samvirkelaget (22.10.).

Fra 1.11.1986 er Astrid Bekkemellom ny poststyrer, og fra 1.3.1990 finner vi Kari Oddveig Hoff som vikar, men fast fra 1.1.1993, en stilling hun delte med Randi Bolstad, og hvor de fungerte hver sin uke. De hadde stillingen frem til 28.2.1997, og fra 1.3.1997 overtok Samvirkelaget, nå med navnet Lalm Postfilial.

9. april 2002 er historien til Lalm Poståpneri (postkontor/postfilial) slutt, da Lalm Postfilial fra denne dato ble "Post i Butikk" (PIB), på Samvirkelaget.



16/930, Lalm, Bruvik. Bakerste huset i midten var det siste postkontoret før posten ble flyttet til samvirkelaget i 1984.

Fjellruta – historisk postrute i Sjødalen

Av Arve Danielsen

Frå 1. juli 1900 vart det oppretta ei postrute frå Tessanden til Gjendesheim. Postruta fekk namnet "Fjellruta" og postfører Johannes Løkken køyrde posten med hest og kjerre i 25 sesongar.

I 1899 kom spørsmålet om å få ei postrute til turiststadane i Sjødalen. Dette året hadde Randsverk 413 gjestar, Hindsæter 360 gjestar, der 50 av desse var faste, Bessheim 353, der 40 var faste og Gjendesheim 545 gjestar, der 12 var faste. Dette var såpass mange at ein fann ut at ei postrute var nødvendig, da posten gjekk uregelmessig ved hjelp av bud eller turistar som tok med brev og kort til næraste postopneri.

100 kroner i løn

Det vart bestemt at postruta skulle gå frå Tessanden, sjølv om avstanden frå Heidal var stuttare. Med to turar i veka meinte ein at lønskostnaden for "fjellruta" skulle vere mellom 75 og 100 kroner per sesong.

I eit brev frå postmeisteren på Lillehammer til Poststyret den 4. november 1899, anbefalar han opprettinga av postruta med følgjande grunngjeving: "I betraktning af den livlige turisttrafik og de mange faste Sommergæste i Ruten og af den lange og forholdsvis besværlige Vei



Gjendesheim 1897. Foto frå Grete Steigen.

til de nevnte Postaabnerier i Hedalen i Vaage og paa Tessanden, og ligeledes da Omkostninger ikke synes betydelige ovenfor den Nytte den foreslaaede Postbefordring i Tilfælde vistnok vil gjøre, tillader jeg mig at Anbefale Andragende paa det Bæste”.

Hest og kjerre

Fjellruta mellom Tessanden og Gjendesheim vart oppretta frå 1. juli 1900 med Johannes Løkken frå Tessanden som postfører. Det vart gjort avtale med Jens Tronhus på Randsverk, O. Andvord på Hindsæter, Kari Storvik på Bessheim og Anders Rusnes på Gjendesheim som poststyrarar. Og det vart oppretta brevhus på desse stadene. Johannes Løkken kørde den 53 kilometer lange postruta med hest og kjerre to gonger i veka. Så lenge det var veg berre til Besstrond, bar Johannes Løkken posten frå der til Gjendesheim. Ei strekning på ei mil. Etter at vegen vart bygt heilt fram til Gjendesheim, kørde han aldri lenger enn til Bessheim med hest og kjerre. Han tykte det var snøggare å gå stigen over Gjendehalsen.

I Den Norske Turistforening si årbok for 1904 kan ein lese at ”Landpost-rude Tessanden-Gjendesheim om Randsverk, Hindsæter og Bessheim udgaar i turisttiden fra Tessanden mandag og torsdag morggen med tilbagekomst onsdag og lørdag aften”.



*Hotellet i Hindsæter bygd 1898.
Fotoutlån: Gunnar Sandbo.*

To gonger rundt jorda

Johannes Løkken var ein svært populær postfører. Ofte vart han innbeden på kaffe eller øl, eller til og med ein dram på turiststadene og hjå dei fyrste som bygde seg hytter i Sjødalen. Aldri hende det at desse pausene førte til at posten ikkje kom fram. Fjellruta innover Sjødalen vart seinare utvida til tre gonger i veka. Leinga i Postverket heldt Johannes Løkken høgt. I hans 25. år som postfører, rosa postmeisteren på Lillehammer den trufaste postføraren for arbeidet. "Aldtid elskværdig, alltid tjenestevillig, alltid paapasselig som Du er i din gjerning. Du er for Postvesenet en nyttig mand som kan settes op som eksempel til efterfølgelse" skreiv postmeisteren. Han hadde rekna ut at Johannes Løkken på desse åra hadde køyrt meir enn to gonger rundt jorda med hest og kjerre for å levere post i Sjødalen.

Landpostbud


I 1925 overtok Iver Storvik, verten på Bessheim, køyringa av posten ei stutt periode. Han hadde da kjøpt seg bil. Seinare overtok Ottadalen Kommunale Auto postkøyninga i Sjødalen. Dette vart seinare til Ottadalen Kommunale Billag. Frå 1992 har Posten sitt eige landpostbud køyrt postruta i Sjødalen i sommarmånadene. Nå er også denne historie.

Kjelder:

Bessheim – frå seter til fjellstugu i Jotunheimen. Arvid Møller.

Posten i Vågå. Skriv frå Gunnar Sandbo.

Artikkelen er også publisert i Fjuken.



Tolstadbuene ved Melingsosen

Av Vegard Veierød

I 1821 satte eieren av gården Tolstad på Lalm opp et naust og ei fiskebu ved Melingsosen. Gården hadde fra før både buer og naust ved andre vann, som bua fra 1709 på Buhaugen i sørenden av Flatningen. De to buene ved Melingen ble stående ganske alene nede ved vannet i over hundre år. I denne tiden var det nesten ikke trær ved Melingsosen på grunn av all beitingen og man kunne se buene på langt hold.

Størrelsen på den laftede fiskebua var i tråd med hva som var lov til å sette opp ved fiskevann i allmenningen på denne tida. Innvendige mål er 3 x 3 meter, med skut i enden der inngangsdøra er og et vindu på den ene langsida. Naustet er 3 x 5,5 meter, med en todelt dør i kortveggen mot vannet.



Melingsosen ca 1900. Opplandsarkivet Vågå, Kleivenarkivet.

Ola Veggum foreviget inventaret i fiskebua da han var her og malte på 1950-tallet. Bildet viser blant annet årstallet 1821, i stokken over døra, som tegn på når bua ble reist. Inventaret er for det meste laget av Pål Tolstad og er malt i blått, grønt og rødt. Det står en klebersteinspeis ved siden av inngangsdøra. Pipa på taket er i dag fjernet da bua ikke brukes lenger.




Inventaret i fiskebua malt av Ola Veggum fra 1950-tallet, bilde utlånt av Ola Tolstad.

Melingen har alltid vært et godt fiskevann. Her er det ørret og den formerer seg fint, så det er ikke nødvendig for Fjellstyret å sette ut fisk her. Vannet er bare 13 meter på det dypeste.¹ Røye finnes i stort monn i nabovannet Flatningen, men denne blir ingen stamfisk her da den ikke trives under så grunne forhold. Den største ørreten som er tatt i Melingen skal visstnok være en rugg på 9 kg, fanget av Torvald Reiremo og Jehans Bolstadlykkjen i 1907 eller 1908.²

En annen med fiskelykke var Paul Kleiven som satte garn utenfor naustet til Kleivsetra. Morgenen etter da han skulle ta opp garnet fant han det ikke igjen. En rugg på 6 kg hadde dratt det med seg helt ned til osen ved Tolstadbuene.

Melingen har stort sett vært forbeholdt allmuen, men på 1700-tallet ble vannet bygslet bort. Fra 1739 til 1765 hadde gårdene nedre Hammer og øvre Bjørnstad ved Thore Bjørnstad, Guttorm og Ole Hammer, samt Ellef Pellervigen enerett til å fiske i Melingen.³



Fra Opplandsarkivet Vågå, postkort i Kleivenarkivet.

Utpå 1900-tallet ble det mer aktivitet i nærområdet til Tolstadbuene. Ivar Kleiven fikk laget vei forbi buene, og de ble et markant kjennetegn for besøkende ved Kleivsetra. Der var det pensjonat og de solgte postkort med bilde av Tolstadbuene.

I 1928 satte Iver Bragelien, postmester og landhandler ved Bruvik på Lalm, opp ei hytte på samme side av Melingsøsen. Denne ble solgt i 1933, og fra 1937 kom det flere hytter. Bildet viser hyttene til Bragelien og Tolstad som da ble satt opp på den andre siden av Melingsøsen. Det var fortsatt merkbart mindre vegetasjon enn i dag. Gården Rotheim eide området fra der den lå i Sjørdalen og over Bringsfjellet og ned til Melingen. Den nedre delen av kvea deres mot vannet ble utparsellert i 1936 og solgt som fritidseiendommer.

Når veien ble utbedret på 1930-tallet kunne de første bilene kjøre innover i Bøneslia. Da ble Tolstadbuene flittigere besøkt. Her var det i hovedsak mennene fra Tolstad som drev matauk når de hadde tid til det, men det var kvinnene som sørget for å holde stedet i orden. Petra Kleiven, Tora og Ragnhild Tolstad tok en årlig tur til Melingsøsen for å vaske og ha kaffekos.

Fra begynnelsen av 1950-tallet var buene samlingssted for Melingsrennet i påsken hvert år. Der var det mange som deltok og på det meste var det over 250 deltagere. Bildet fra 1973 viser sanitetsdamene i ly av fiskebua der de serverte varm buljong og pølser til deltagere og tilskuere. I dag ligger det mange båter ved Tolstadbuene, og det er tidvis yrende badeliv her.

Eier av buene i dag er Hans Tolstad, bruker og eier av garden Tolstad ved Lalm. Buene følger garden og står på avgiftsfritt feste i allmenningen.



Melingsosen i 1938. Bilde utlånt av Steinar Bolstad.



Petra Kleiven og Ragnhild Tolstad på begynnelsen av 1940-tallet. Bilde utlånt av Thor Kåre Haug.



Sanitetsdamer ved Tolstadbu. Melingsrennet 1973, fra venstre Astrid Lillebråten, Thorlaug Bråten, Signe Dissen, Klara Jordet, Ingrid Rusten og Martha Mæhlum. Utlånt av Jarle Bragelien.



Steinar Brun og en kamerat drikker brus, kjøpt på Myrvang, og koser seg med moren Jenny Gudrun Brun og hennes far Knut Kleiven. Melingsosen på slutten av 1950-tallet. Bilde utlånt av Jenny Gudrun Brun.

Kilder:

- ¹ Heimfjellet side 76 – Vegard Veierød, 2012.
- ² Artikkel i GD av Magnus Tolstadlykkjen – 14/12-1982.
- ³ Riksarkivet – Nordre Gudbrandsdalens soren-skriveris pantebok 2, 1732-1751, fol 174a og 175b.



Petra Kleiven, Ragnhild og Oda Tolstad i 1938. Bilde utlånt av Thor Kåre Haug.

Surtnings-su-bua

Av Knut Raastad

I 1889 mura Memurubu-verten Ole Gunnarsson Sveine opp steinbua nedunder toppen på Surtnings-sua. Kjerringa til Ole, Eldrid Sveine, var glad i å gå i fjellet. Ein gong ho var på tur opp til Surtnings-sua var det finver, men oppe kom det ei kraftig haglskur over dei. Da bestemte ho seg for at her skulle det opp ei hytte. Toppen ligg på 2368 m.o.h., medan bua ligg 138 høgdemeter lågare på 2230 m.o.h.

Ny bu vart bygd på same plassen i 2008. Trebua vart bygd nede i Lom av Stokk og Stein AS og frakta med helikopter. Halvor Dalen og Tore Sveen mura opp att bua utvendig med gråstein.

Det var vertsskapet i Memurubu som planla og fekk gjennomført oppbyggjinga att: Egil, Inger, Kjetil, Espen og Nina Sveine.

*Surtnings-su-bua tidleg på 1900-talet, austre Memurubreen i bakgrunnen.
Foto: Anders Valde, Vågå Historielags fotoarkiv.*



Resvollsystemene frå Vågå

Av Unn Bostad

Systrene Thekla og Hanna Resvoll er begge født i Vågå (1871 og 1873). Dei vaks opp på Moen (Haugamoen) i Vågå, der dei budde til dei var 7 og 5 år gamle.

Foreldra var Hans Resvoll frå Nordherad og Julie Deichmann frå Drammen. Far til Julie var stortingsmann Johannes Deichmann. Før Julie gifta seg med Hans og flytte til Vågå, var ho leiar for Magdalenastiftelsen (ein stiftelse som tok seg av "falne" kvinner). Både Hans og Julie var høgt respekterte på kvar sine felt.



*Haugamoen
- barndoms-
heimen til
Thekla og
Hanna.*

Begge systrene kjente seg sterkt knytta til fjellet og fjellbygdene i Nord-Gudbrandsdalen. Dei gløymde aldri den sterke interessa mora hadde for planter, og den vakre blomsterhagen som dei hadde heime på Haugamoen. Både Thekla og Hanna meinte at det var dette som førte til den sterke interessa dei fekk for botanikk. At mora oppmuntra til lesning, forskning og utdanning, var og ei stor drivkraft, og ein viktig årsak til at dei begge vart botanikarar og pionerar innan faget.

I denne artikkelen har eg valgt å skrive om den eldste av systrene; pioneren Thekla.

Thekla Susanne Ragnhild Resvoll født i Vågå i 1871.

Barndom og ungdomstid: Etter rike barndomsår i Vågå flytte Thekla som 7 åring til Kristiania saman med resten av familien.

Faren Hans Resvoll (1823-1908) frå Nordherad fekk ny stilling som kopist i Justisdepartemenet. Dette var eit ærefullt oppdrag. Ein måtte ha ei fin handskrift og ein måtte vera påliteleg og truverdig. Han hadde tidlegare arbeidd som bankkasserar i Vågåmo.

Hans Resvoll var kjent som ein resurssterk, solid og omsorgsfull person. Mor Julie hadde store resurssar og var ivrig på at jentene skulle bli sjølvstendige og stå på egne bein.



Thekla med sølvkniv.

Thekla tok realartium som privatist i 1892, og etter eit år som guvernante hos statsråd Wexelsen i Stockholm, tok ho til med realfagstudier ved Universitetet. Levekostnadene sine fekk ho dekt ved å undervise i botanikk. Ho underviste blant anna Sigrud Undset i botanikk

ved Ragna Nissens skule, og i følge Liv Staksrud var Thekla ein stor inspirator for Undset (Undset sin kjente hage på Lillehammer).

Studietid og doktorgrad i botanikk.

Thekla studerte botanikk under Axel Blytt som lærar – ein lærar som ho opplevde som spesielt inspirerande. Thekla tok matematisk- naturvitenskapelig lærareksamen i 1899 og vart etter studieopphald i Kjøbenhavn, ansett som amanuensis ved Botanisk laboratorium på Tøyen, der ho hadde stilling heilt til ho gjekk av for aldersgrensa.



Thekla, Hanna og faren.

Thekla til høgre

I 1918 tok ho som den fyrste kvinne her i landet, doktorgrad i botanikk. Tittelen på doktorgraden hennar var: ”Om planter som passer for kort og kald sommer” Thekla viste i doktorarbeidet sitt til, at dei artane som har ein stutt vekstsesong- slik som til dømes isssoleie - førebur seg for komande sesongar ved å anlegge seinare års knoppar i serleg gode år. Fjellflora og anatomien til ”knoppar” var det som interesserte Thekla mest. Thekla skreiv og to avhandlingar om molteplanta, som er av spesiell interesse.

Det var studiet av fjellplanter som vart Thekla sitt hovedbidrag til norsk botanikk. Thekla var utan tvil, norges fyrste høg fjellsøkolog. I tillegg til plantegeografi og floristikk, foretok ho detaljerte studier av korleis dei enkelte artane responderte på ytre faktorar. Forskningsfeltet – ”planter som passer for kort og kald sommer” som Thekla var så oppteke av, sto svakt gjennom heile 1900 talet, men med det store fokuset på klimaendringar som vi har i dag, har dette feltet vorte av svært stor interesse igjen. I 1902 ga Thekla ut ei lærebok for gymnasiet som kom ut i heile 10 opplag, og ho skreiv og om planteliv og vegetasjon for 13 av fylka våre.

Thekla si viktigaste gjerning var kanskje som kurshaldar ved laboratoriet og ved utallege ekskursjonar. Ho heldt elementærkurs i mikroskopi for medisin og farmasistendar og ho hadde undervisning i planteanatomi for realfagstudentar. Thekla var ein elsket lærar – god til å formidle glede ved å observere ei plantes bygningstrekk - god til å lytte - god til å motivere. I alle dei åra ho leda undervisninga i mikroskopisk botanikk ved Universitetet i Oslo, fekk ho vener for livet blant studentane. Den vesle



Thekla og mannen Andreas.

botaniske hagen på Kongsvoll ved Dovrebana er eit levande minne om forskninga hennar, og den kjærleik ho hadde til fjellfloraen. Sjølv om Thekla flytte til Kristiania som 7 åring, sa ho sjølv at det var mora si interesse for fjell og planter som motiverte ho til innsats, og det at ho valgte botanikk som spesialfelt, nettopp kom av desse inntrykka frå barndomen.

Thekla og Hanna Resvoll gifta seg med kvar sin bror - Andreas og Gunnar Holmsen. Dei var frå Røros og søner av Hyttemeister Hans Elias Peter Andreas Holmsen og Hilda Stengel. Både Andreas og Gunnar Holmsen er to kjente samfunnsborgarar. Andreas var bergmann og hydrograf og har gjeitt ut fleire hydrografiske skrifter som han vart tildelt Kronprinsens gullmedalje for. Gunnar var dr.phil. i geologi, og var statsgeolog frå 1918 til 1950.

Thekla som pioner også innan likestilling og kvinneverd.

Thekla var ikkje berre den fyrste kvinna i Norge som tok doktorgrad i botanikk. Alt som 25åring heldt Thekla agitasjonsmøter for kvinne-stemmerettsforeninga, og året etter vart ho styremedlem i same forening. Thekla var den fyrste formann i Kvinnelege studenters klubb, og som den tredje kvinna i historia vart ho valgt som medlem i Vitenskapsakademiet.



Thekla på studietur med studentar.

Thekla fekk stilling ved universitetet sjølv om ho var gift, og ho var og den fyrste kvinne ved universitetet som fekk arbeide etter at ho fekk barn. (1905). Ho vart ansatt i ei god fast stilling ved universitetet som ga ho mulegheit til å forske – til å reise utanlandsk - til å formidle. Thekla vart sagt å vera ”utan konflikhtar” og det er ikkje anna enn god omtale av henne. Mild og fast på same tid – ho var elska av studentar.

Da kvinnene gjorde sitt inntog ved Universitetet veit vi at det var til slike pionerar som Thekla og Hanna dei kom til for å få råd og veiledning. Thekla var den fyrste kvinna i landet som gjekk med bukse utan skjørt

under og ho klypte håret sitt stutt - noko som var heilt uvanleg på den tida. Dette var dristige steg utfrå eit ønskje om å skape likestilling mellom kjønna. Thekla var og sterkt imot at kvinner måtte skifte namn når dei gifta seg - og ho brukte sjølv jentenamnet sitt heile livet. Thekla viste veg for oss som kom etterpå – både i handling og ikkje minst i veremåte!

Sitat av Professor Amund Helland om Thekla:
”Hon e en meget betydelig vitenskapsmann, eg hadde aldri trodd at et kvinnfolk kunne nå så langt.”



Thekla som eldre.

Minnehage om Thekla i fjellhagen i prestegardshagen: Hagelaget under Vågå historielag, vil ære Thekla Resvoll med å lage ein avdeling i fjellhagen i prestegardshagen. Her vil ein etter kvart finne Thekla sine yndlingsplantar og nokre stauder som vi har fått frå Thekla sine barnebarn.

Det er populært for tida å snakke om ”røtene våre” – kva røtene har å seie for dei valg vi tek seinare i livet. Kva er det som blir viktig for oss - kva verdiar velger vi å leve etter? Desse to jentene frå Vågå har sett djupe og varige spor etter seg, og dei svarar bae på spørsmål om kva som har hatt mest betydning for dei valg dei har teke- dei verdiar dei har levd etter – at det viktigaste var foreldras interesser og verdiar – den respekt og godheit dei viste for menneska rundt seg - og begge trekkjer fram mora si interesse for den vesle hagen i Haugamoen.

Bileta er utlånt frå barnebarnet Anne Resvoll Holmsen og Unn Bostad.

Bankkasserer Paal Frisvold

Av Erik Holø

Synne Jonsdatter Systugu Frisvold i Garmo (født 1809) var gift med Erland Olsen Nordre Bøje i Skjåk, de overtok Uppistugu Frisvold som hennes far hadde kjøpt i 1809. Synne og Erland fikk 10 barn. Paal Erlandsen Frisvold (1846-1912) var nr. 9. Paals foreldre Synne og Erland måtte selge garden i 1840 og flyttet til Frisvoldkvei, en plass under gnr. 7-A Uppistugu Frisvold.

Paal startet sin karriere som butikkgtutt hos kjøpmann Pål Frisvold i Garmo. Senere startet Paal egen butikk i Skjåk (ca 1870). Her tjente han godt, men hans kone Anne født Blakar i 1850 ville ikke flytte til Skjåk. Paal kom da til Vågå som bestyrer (den første ordinære) av Vågå Handelsforening i 1873-1876.

1876 ble Paal bestyrer (bankkasserer) i Vågå Sparebank. Han ble i banken til han døde av kreft i 1912, 66 år gammel.

I Paals tid i banken ble det nye bankbygget ferdig i 1897. Her flyttet da Paal inn med sin familie. Før den tid bodde Paal i Fagernes i Ner-Moom og hadde bankkontor i Fastskolen i Vågåmo. Etter Paals død

i 1912 var hans sønn Rolv (Blakar) kasserer i ca 1 år inntil Torstein Lunn overtok som bankkasserer. Paals forgjenger i banken var Hans Resvold, far til botanikeren Tekla Resvold.




Paal kjøpte i 1876 gården Kjæstad i Lom, men solgte den allerede i 1877. I 1878 kjøpte Paal gården Sunde i Vågå, men mistet garden på odel i 1882. I 1890 kjøpte Paal sin kones fødested Blakar, efter at hennes bror Sevald gikk fra garden.

Paal Frisvold kjøpte (ca 1890-96?) tilbake en Frisvoldgard for at hans mor Synne skulle få føderåd her (hun døde i 1896), Paal solgte garden igjen efter kort tid.

Paal Frisvold ble i dagligtalen nevnt som «Pål på banken». Hans pengeskrin ble gitt til banken av hans sønn Sølfest Frisvold i anledning nybygget i 1985. Skrinet er enkelt utført i flammert bjerk, uten lås.

Skinnskreppa som Paal bar skrinet og protokollene i, ble i 2013 gitt som gave til Vågå Historielag av sønne-sønnen Ragnvald Frisvold. Veska ble malt svart av en husholderske til Sigvald Frisvold, Sigvald var faren til Ragnvald.



Torvstrøhus

Av Knut Raastad

Torv har vorte til ved at planterestar gjennom mange tusen år har lege i stillestående vatn utan oksygen. Danninga av ei myr skjer ofte der tjern gror att. På myra ved Sandranden vart det fyrst på 1900-talet teke ut mykje torv. Vågå Historielag har rekonstruert eitt av torvstrøhusa som stod der og dokumenterer historia om korleis torva vart tørka og brukt til strø.

Før 1920 vart desse husa bygde på myra, på biletet frå ca. 1930 ser vi at det er minst 12 hus. Mange av husa var delt i to med kvar sin inngang, slik at kvar gard hadde kvar sin del. Det var hengelås på dørene. Om sommaren vart torva spadd opp frå myra og lagt i hesj til turking. Ola Storvikssæter som budde like ved var leigd til dette arbeidet. Det vart teke fleire lag med torv nedover, og torv litt nede vart også brukt til brenntorv utan at dette utgjorde noko stort omfang.

Hesjene var stolpar (kreka) med tretappar gjennom. På desse tappane vart det lagt tre-slinder, to på kvar side av stolpen. Det var minst tre høgder med slinder, og på desse slindene la dei torva til tørk. Når torva var tørr var det å bera ho inn i husa, da vart det brukt ei beran-båre.

*Torvstrøhusa ved Sandranden, ca. 1930.
Foto: frå Gunnar Sandbo, Vågå Historielags fotoarkiv*



Om vinteren når det var sledeføre vart torva kjørt til bygda og brukt som strø i bingar, mest til geit og sau. Torva kan ta opp mykje væte, og oppgåva var å suge opp urin som var verdifull nitrogenkjelde i gjødsla. Dette forklarar kvifor det vart brukt mykje ressursar og arbeid for å skaffe torvstrø. I Birkenes i Aust-Agder er det eit museum etter Myhre torvstrøfabrikk, der var det stor produksjon av torvstrø til reinhaldsverk i byane, spesielt Oslo. Doavfall vart der saman med torvstrø omgjort til tørr, luktsvak og transportvennleg gjødsl.

Til å rive sund torva til strø vart det brukt torvstrørivar. Historielaget har ståande torvstrørivar i Prestgarden. Bondelaget hadde ein torvstrø-rivar som gjekk på omgang, den er intakt og står på nigard Lunde. Elles vart torva banka sund.

Jørgen Espelund som har skrivt historia om Klones skriv at der vart turka myrortov truska til torvstrø med ei gammaldags piggtruskemaskin, ho kunne vera tilkople motorkraft eller



Bileta viser torvstrørivaren som tilhøyrer Vågå Historielag. Den er omgjort frå ein piggtruskar. Det kunne påkoplant motor-kraft, men det finst også sveiv til å dra rivaren manuelt. Det nedste biletet viser piggane innvendig.

to mann sveiva ho. Arne Mølmen frå Lesjaskog som var elev på skulen, kom i 1925 inni maskina med venstra handa. Handa vart så sundrivi at ho måtte amputerast ovanfor olbogen. Men han gav ikkje opp, og året etter vart han fjøsmester på Klones, berre 21 år gammal.

Bruken av torvstrøhusa tok stort sett slutt på 1930-talet, men kanskje somme dreiv noko lenger. Uttaket av torv i myra ved Sandranden er godt synleg, med tre felt som er ca. 300 m lange og ca. 7 m breie. Til saman utgjør arealet ca. 6 da, viss ein reknar at det vart teke ein halv meter ned vil dette seia at det vart teke ut 3000 kubikkmeter med torv her.



norgebilder.no viser tydeleg dei tre felta det har vore teke torv frå.

Kåre Bakken på Grov fortel at far hans, Ola S Bakken f. 1913, i unge år var med onkelen sin Ola Storvikssæter og tok torv. Ola sa mange gonger at dette var det verste han visste, - «denna heilvitis myrtåkinge», det var nok rått og tungt arbeid. Kåre fortel vidare at det var bestefar hans, Syver Bakken 1870-1955, som bygde mange av torvstrøhusa, kanskje alle.

Hans Raastad f.1926 fortel at han som gutunge var med faren og kjørde torvstrø frå husa ved Sandranden og heim til Sande, da var han kanskje om lag 8 år gammal. Dei kjørde med to hestar og han var så pass stor at han kunne styre eine hesten, og da var det god hjelp i han. Dei var innom på Storvikssæteren og kvilde. Dette var midt på 1930-talet, og han kan ikkje hugse at det vart kjørd torvstrø etter dette.

Fleire meiner at det var bondelaget som organiserte torvstrøverksemda på myra ved Sandranden, men vi har ikkje funne protokollar eller anna som bekreftar dette. I gamle gardsrekneskapsbøker på Sande ser vi at

det vart betalt kr 22,24 til torvstrølaget den 24.12.1929. Dette tyder på at verksemda var organisert som eit eige lag. Den 31. mars 1935 vart det på Sande betalt for torvstrø kr 9,02 til Vågå innkjøpslag. Så den 21.4.1937 vart det betalt kr 7,93 for torv, da var det Ola H Snerle som kvitterte, og dermed reknar vi med at dette også var på vegne av innkjøpslaget. Enten har innkjøpslaget overteke verksemda frå eit tidlegare torvstrølag, eller så har innkjøpslaget fungert som forretningsfører for torvstrølaget.

Sigurd Nestande har etter notata etter faren Per Nestande 1908-1976 skrivi ned dette om bruk av torv på Uppåstrond 1935 til 1940:

Uppåstrond og Nettet midtre hadde torvhus og torvtak ved Skåltjønna nedan for Strondlykkja.

1935 er det køyrt 2 lass torv i februar.

1936 da er det og køyrt torv i to dagar og 4 lass i alt.

1937 1. august er det pent vær skriv far og dei har bore torv inn i torvhuset ved Skåltjønna.

1939 Både den 13. og 14. februar er det køyrt 2 lass torv kvar dag og den 16. står det, vore til torvhuset etter eit lass torv og eit lass ved.

1940 Køyrt torv den 9. og 10. mars med to hestar.

Dette var truleg siste gang det vart køyrt torv og brukt torv på Uppåstrond, eg finn ikkje noko meir skriftleg om det.

Og kan heller ikkje huske noko om det. Der i mot minnes eg at det vart brukt torvstrøivar på låven og det støva fryktele. Dette må ha vore i 1940 og det er rart eg minnst dette for eg var enda ikkje fylt 4 år.

Det har sikkert vore køyrt og brukt torv før 1935 og, men det er ikkje notert eller ikkje tatt vare på. Torvhuset (er til nedfalls nå) er bygd av bestefar Sigurd Nestande og Per Ness 1883-1956 truleg om lag samtidig som torvhusa på Sandranden vart bygd.

Også andre plassar i Vågå er det kjend et det vart teke torv til strø. Ved Strondsetertjønna er det att reistar etter eit torvstrøhus, huset som er oppattbygd ved Sandranden er etter modell og mål av dette. Klones hadde torvstrøhus ved Klonestjønna innanfor setra. På Langmyrene i Nordheringslia stod det eit torvstrøhus, under krigen vart det ein gong brukt til å gøyme korn i for å unngå at det vart oppgeve. Asbjørn Kvarberg tok vare på ein kreka frå myra som vart oppdyrka på Brattland. På ei myr ved nordre Åa i Nordheringsfjellet, like ved Holfonna, stod det att eit par kreka til berre nokre år sidan. Like over grensa til Lom frå

Torvstrøhus og hesj, hausten 2013. Foto: Knut Raastad.



Nordherad, vest for Trolldalskampen, ligg det att reistane etter torvstrøhuset til Nyrnes som vart bygd i 1913. Innunder jul i 1932 fekk brukaren Eiliv Nyrnes 1862-1932 slag da han henta torvstrø, det var svært mykje snø og dette vart for tungt å gå i. Han døydde tre veker etterpå. Per Eiliv Nyrnes meiner at dei betalte bygselavgift for myra.

Andre plassar i landet har det vore utteke mykje torv, spesielt langs kysten både på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Norge har aktiviteten vore stor. Men dette var mest brenntorv, mange plassar langs kysten var det lite ved. I dag er det veksttorv som er viktigaste bruken. Birger Bostad fortel at han som gutunge i Odalen var med og tok torv til å fyre med, øvste laget var ikkje brukbart til brenntorv og kunne da brukast til strø. Også langs kysten er det kjend at dei tørka øvste laget til strø i fjøset.



Husa på myra ved Sandranden stod til midt på 1960-talet. Det er kjend at bl.a. Gunnar Kleiven (Bjørviken) brukte ein del materialer av desse husa da han bygde seg hytte ved Reinsvngen.

Det var Arne R. Strand som tok initiativ til å rekonstruere eit torvstrøhus. Vågå Historielag har fått feste frå Statskog, gnr. 187, bnr. 1, festenr. 9136. Jonny Brenden vart leigd til å prefabrikkere huset nede i bygda. Vågå fjellstyre har gjeve tilskot til byggjinga, medan Langmorkje almenning gav materialane. Arbeidsgruppa i historielaget som har stått for planleggjing, søknader, oppsetjing av huset og hesjene samt dokumentasjon av historia har vore Arne R Strand, Dag Aasheim, Jonny Brenden og Knut Raastad.

Theodore Rathbone og Rathbone-bua

Av Knut Raastad

Theodore Rathbone (1832-1890) frå Liverpool bygde bua i 1857. Saman med studiekameraten Eardley John Blackwell kom han til Gjende i 1855 der dei levde saman med bl.a. Jo Gjende og jakta rein. Blackwell vart gift i Vågå og bygde opp Klones, medan Rathbone kom att til Gjende dei neste åra. Vinteren 1856-57 gjorde han ei lang reise til Nord-Norge, men i februar 1857 var han kome til Gjende. Og det var dette året han sette opp bua ved Leirungsåa på overgangen mellom Gjende og øvre Leirungen.

Det går fram av breva hans at han også hadde eit tømra bu ved øvre Leirungen. Mykje av åra 1857 og 1858 heldt han til ved Gjende. Etter dette var han eit par år i India. Rathbone vart gift i 1861 og åra etterpå dreiv dei farm i Canada, men i 1865 var dei attende i England og da gjorde Theodore og Maria Rathbone (d.1913) ei Norgesreise som Maria



Rathbone-bua tidleg på 1900-talet. Foto: frå Marit Campbell, Vågå Historielags fotoarkiv.

har skrivi mykje om i dagboka si. Der er det bl.a. mykje om Vågå og livet ved Gjende hausten 1865. Dottera May Rathbone (1866-1960) var også mykje i fjellet i Norge. Theodore Rathbone var i lang tid fredsdommar i Cheshire, grevskapet sør for Liverpool.

Vågå Historielag ville restaurere bua, og fekk pengar frå Vågå fjellstyre og materialer frå Langmorkje almenning som AS Eidefoss kjørde fram. Erland Grev og Trygve Haakenstad laga i stand røste i Randsverk den 10.8.1972. Den 6. og 7. juli 1973 reparerte dei murane og sette opp røste, da var Erling Sagsletten, Peter Warral, Sigurd Huseby, Ivar Grev, Erland Grev og Trygve Haakenstad med. Den 10.8.1974 var det tekkjardugnad der desse var med: Sigurd Grevrusten, Semon Åsgård, Amund Sandviken, Hans Kleiven, Jakup Skjedsvold, Olaf Tøfte, Erling Sagsletten, Syver Brun, Ola Sagsletten, Asmund Brun, Erland Grev og Trygve Haakenstad. Det er Vågå fjellstyre som har festekontrakt og ansvar for denne bua.



Colletthytta. I fotosamlinga etter Anders Valde Aasheim er dette nemnd som Leirungshytta.

Breva åt Theodore Rathbone

Av May Rathbone og Theodore Rathbone

Det finst ei samling av 16-17 brev som Theodore Rathbone skreiv til far sin i England frå turar i Norge mellom 15. juni 1851 og 10. mars 1858. Dottera May Rathbone har maskinskrivi breva, og til mange av breva har ho skrivi merknader. Ho har også skrivi ein innleiande biografi om far sin, det er denne vi startar med her. May Rathbone har også maskinskrivi dagboka til mor si Maria Rathbone frå reisa ho og mannen Theodore gjorde i Norge i 1865. Vågå Historielag fekk i si tid avskriftene, og dei er arkivert i Opplandsarkivet i Vågå. Både breva og dagboka vart oversett til norsk i 1982 av Einar Hårstad.

Far min Theodore Rathbone som har skrivi breva som følgjer, var fødd i Liverpool den 14. mars 1832 og døydde på Backwood i Ches-Shire den 21. oktober 1890. Han var difor berre 19 år fyrste gongen han vitja Noreg i 1851.

Far hans var Theodore Woolman Rathbone. Han var forretningsmann og ein av dei fyrste leiarane i “London and North Western Railway” (jernbane). Far slutta på skulen da han var 15 år for å slå lag med systrene og foreldra sine som reiste i Sør-Europa på grunn av helsa åt bestemor mi. Etter dette heldt utdanninga hans fram ved hjelp av huslærar heilt fram til han byrja på Trinity-universitetet i Camebridge da han var 18. Her vart han presentert for Eardley J. Blackwell, sonen åt ein godseigar. Far vart tiltrekt av han da han fekk høyre at han hadde vore i Noreg, og at han hadde drivi med fjellklatring i Sveits. Dei vart gode vener og i 1851 reiste dei åt Noreg saman. Blackwell reiste frå Camebridge fyrst. Etter å ha teke magistergraden, gjekk far eit kurs på jordbruksuniversitetet i Cirencester. Dette gjorde han hovudsakleg for å lære botanikk, men kunnskapane i landbruk som han tileigna seg der, vart til god hjelp for han seinare i livet.

General Blackwell (yngste broren år Eardley Blackwell) fortalde meg at far, som støtt hadde vore svakhelsa, hadde vorte så låk ein gong at 5 eller 6 doktorar som han rådførte seg med, meinte at han ikkje kom til å leva lenge. Den lengste tida dei ga han var 6 månader. Etter dette skal han ha

sagt at han var huga til å koma åt Noreg og treffe Blackwell før han døydde. Han fann ekteparet Blackwell i fjellet da han kom til landet. Fjellufta gjorde han så godt at han vart verande i to år, og han friskna til att. Eg hadde ikkje høyrte om dette før, og på den tida eg fekk vite det var mor mi daud, så det var ikkje nokon som kunne fortelja meg meir om det heller. Men sidan det høver berre låkt med breva, trur eg det må vera ei mistyding. Eg veit likevel at far fekk ei krimsjuke som han ikkje vart kvitt ein vinter han var på Camebridge, så han måtte reise åt Torqay (ein kurstad ved Devonshire-kysten).

Etter attendereisa åt England i 1858, gjekk han inn i «the 6th Inniskilling Dragoons» (ei kavaleriavdeling) som sekondløytnant, og reiste med regimentet sitt åt India. Uheldigvis tåla han ikkje klimaet der, og etter 2 år kom han attende åt England på sjukepermisjon. Like etter trulova han seg med mor. Ho var tremenningen hans og eldste dotter åt Dr. James Johnstone frå Birmingham. Far selde offisersposten sin i militæret og reiste til Canada der han kjøpte eit gardsbruk for utbyttet. Han kom attende åt England på mellomdekksplass, for å ha att pengar til å kjøpe gulløyrringar i bryllaupsgave åt mor. Han gifta seg med ho i 1861 og tok ho med seg attende åt gardsbruket sitt. Der gjorde ho alt husarbeidet, og han gjorde gardsarbeidet med hjelpa åt ein fransk-kanadier. Før dei hadde vore der i 2 år døydde far hans, og dei flytta attende åt England. Ikkje lenge etter vart far utsett for ei ulykke som øydela han for resten av livet. På grunn av dette og den svake helsa hans vart han gradvis låkare, og dei siste åra han levde vart han heilt krøpling. Han utførde likevel pliktene sine som fredsdommar til innan 2 år før han døydde, og han var innom Politihuset med jamne mellomrom.

I 1865 kom han og mor åt Noreg. Etter å ha teke ein tur frå Bergen åt Trondheim med ein sleng innom Ålesund og Romsdalen, kom dei åt Vaage og Gjende.

I 1871 kom far åt Noreg for siste gong. Da heldt han til i Heimdalen saman med hr Crotch.

Far var ein svært omtenkjam og høfleg mann. Han hadde eit godt humør, ei sterk pliktkjensle og høg vørndnad for stand og stilling. Han var smålåten, men likte likevel å gjera det verste av seg sjølv for å sjukkere andre. Når han spøkte var det oftast på ein utspekulert måte. Han var

behageleg å samtale med fordi han hadde lese mykje og hadde store kunnskapar på mange område. Elles var han svært glad i ungar, dyr og blomar, og han var ein trufast far. Dei mange systrene og brørne åt mor rådspurte far både titt og ofte, for dei visste at han hadde ei god dømme-kraft. I eigenskap av fredsdommar lydde han til dei lange historiene åt fiskarfolka og andre som kom åt han i arbeidet, med eit evig tolmod.

Han bar sjukdommen sin med stort tolmod, sjølv om han hadde akutte smerter.

May Rathbone

Leirungen, 11. juni 1857.

Min kjære far.

Eg set meg ned i mitt eige hus for å takke deg for det hjertelege brevet. Eg har kome meg fram i verda nå eg er huseigar i Vaage kommune i Noreg, skjønar du, sjølv om eg bur 42 miles frå kyrkja i soknet. Slottet har eit rom med to benker langs etter kvar sin vegg, eit bord, sist men ikkje minst, ein verkeleg god skorstein, som er plassert inst i rommet, så ein tapar lite varme. Veggene er sette opp av godt tømmer, og mellomromma er stappa med mose. Det er godt borda utanpå, slik at vinden ikkje kan trengje gjennom. Benkene som er laga slike at dei kan flytjast, tener som senger. For at dampen ikkje skal trengje gjennom når eg ligg i telt, har eg teke frå kvarandre bordet, så eg kan bruke det som liggje- underlag. Palasset ligg om lag 3150 fot over havet (Ein norsk fot er noko lengre enn ein engelsk fot) ved bredda av eit lite vatn med mykje fin aure i. Ein høyrer rypeskratting både dag og natt, og gauken gjel åt dvergmålet i berga. Eg har ikkje så vedunderleg utsikt, sjølv om ein tykkjer det er fint å ha høge fjell rundt seg i England. Sjølv om eg eig ei slik bu, har eg ikkje sove i ho enda, for eg likar betre den friske, livgjevande lufta som ein trekkjer i seg gjennom teltduken. Senga mi er samansett av bordplata mi, som eg har lagt rett på marka, og eit lag av einekvistar med eit ullteppe over, for å halde kvistane på plass. Over det att har eg eit stort og fint reinskinn, så meg sjølv, og over alt saman, ein sauskinnfell med lang ull på innsida. På denne måten utfordrar eg nattefrosten, som heller er ein regel enn eit unnatak. Vi har ikkje skote nokon rein sidan vi kom hit (om lag fjorten dagar sidan), trass i at vi har sett han tre gonger. Den viktigaste kosten vår har difor vore aure, som vi slepper ned i gryta med ein gong vi har drege han or vatnet. Han er oppunder kiloen og fast og

raud som laks og med fint og kvitt feitt langs ryggen. Dette veksla med ender som eg har skote, smør og kaku, lite grann ris og mykje kaffe utan fløyte, er matseddelen vår. Nå skal eg fortelja deg ei lita historie om fleire stygge knep som ein tyr til her i Noreg: For det fyrste så fangar vi fisken med garn, for det finst ikkje nokon annan måte å få tak i han på. Vidare går vi ut om natta og hermar oppatt etter rypa, og når steggen kjem farande, skyt vi han, eller kanskje eg burde seia at dei gjer det. Eg har nemleg ikkje vore ute når han har vore i godt humør, og krypskytinga mi låg i å drepa ei høne som flaug opp, men ho vart sjølvsaugt slege ned før eg fekk tenkt meg om. Du får ikkje la den engelske jegeren fordømme oss, for han har hundane sine og skogvakta, og han kan gå til leiken sin når han finn det for godt. Vi derimot kjem over slikt berre ein gong i blant, og sjølv om det er ei slags krypskyting, så forsvinn alt låkt samvet når det gneg som verst i magen. Berre ein gong burde eg ha skote rein nå i det siste, men eg trur at bomskotet kan tilgjevast.

Dykkar alltid trufaste son, Theodore Rathbone

Dette er eit langt brev, vi tek ikkje med meir her

May Rathbone har 11. juni 1935, 78 år etter, skrivi følgjande:

Eg har fått peikt ut bua som far har budd i. Ho står framleis. Ikkje så langt frå vatnet står det og att steinmuren av ei anna bu som han har bygd. Det står og att restane av ei anna steinbu som han sette opp i 1857. Ho ligg ovanfor Leirungfossen, ikkje så langt frå hytta åt Collett. Denne sette han opp for at han skulle ha høve til å sjå når reinen kom etter lia ovanfor vatnet.



Bilde ca. 1894 frå Bjørnegård (Bærum?). F.v. Jonathan Aars Fabritius, Kari Fabritius med dottera Marit på fanget, Mari (Blackwell) Crotch, Hilda og Wilhelm (kan det vera Fabritius?), Eugenie (Fabritius) Nielsen og May Rathbone. Foto frå Grete Steigen.

Erik Helleløkken

Av Eirik Haugen

Erik Olsen Helleløkken var av håndverkeslekt i Nordherad. Da han ble født 1. juni 1828, var det ingen som visste at han kom til å få en av de tristeste livsskjebner i Vågå. Det er ikke bevart minner fra hans oppvekst, men noen fra hans unge år. Han ble kjæreste med Kari Olsdatter Steindalen født 8. aug. 1823. En helgekveld hadde han tenkt å besøke Kari, men noen av hans venner visste om dette. De ville holde gjøn med han, og de slapp han ikke over Finnbrua. Men Erik lot seg ikke stoppe, han gikk langs Finna til han fant et sted han trodde han kunne greie å krysse elva. Han ble alvorlig syk etter denne frierferden. I folketellingen 1865 blir han kalt "sindsvag, ikke fra begyndelsen".

Finnbrua. Fotoutlån: Anne Marie Bolstad.



Han hadde slått ned sin far, og svinget en liten øks over hans hode. "Til nå har du vore far min – men herette er eg far din !" Nabolaget ble redde Erik, og de krevde at han skulle sikres. Det er høyst sannsynlig at hans søskenbarn Erik Hansen Haugen smidde fotjernet. Erik ble boltet fast til veggen, nokså klæløs men med en skarve skinnfell. Der sat han å skar de fineste ornamenter med kvasse spiker og glasskår. De turte ikke gi han kniv. Han produserte mest småting som smykkeskrin, brillehus med mer. Når noen kom, så gjemte han produktene sine.

Men ferda over Finna fikk også et annet resultat. Kari fikk dattera Anne den 8. mai 1850. Ved dåpen var også folk fra Helleløkken med, men Kari og Erik ble aldri ektepar. Kari gifta seg med Tore Olsen Rottembakken født 1811. De fikk tre barn sammen : Kari 14.06.1860, Ole 12.2.1863 og Ole d.y. 10.5.1867. De bodde ei tid i Steindalen , men når Tore døde i 1874, så bodde de på Øyen under Håkenstad.

Dattera Anne Eriksdatter, tjente på nerigard Lunde, og ble konfirmert i 1864. Fem år senere meldte hun utflytting til Helgeland. På Meløy hadde hun både onkel og søskenbarn som kom fra Skårvangen. Der traff hun også sin mann; Johan Martines Olai Jensen. På Bjerangen fikk de syv barn : Gustav Martin 1873, Lina Marie 1874, Benjamin Kornelius 1877, Johan Andreas 1879, Ole Jentoft 1882, Karen Marie 1885 og Emma 1888. I folketellinga 1900 er Anne blitt enke og bor sammen med dattera Emma. Gustav Martin emigrerte i 1900 til Varren i Minnesota.

Mari Valbjørsløkken sa at Eriks barnebarn skar ut altertavle i Amerika. Dette har jeg ikke fått bekreftet ennå , men det er sikkert at han har etterslekt. Erik var en stor kunstner, og blod er som kjent tykkere enn vann. Erik ble fraktet til et sinnssykehus. Da han kom ned til Helle, så snudde han seg for å se tilbake. Da sa han at alle ville blitt gale av å vært lenka til veggen i tyve år. Han døde i 1904. Deler av hans produksjon er i Jutulheimen og på Maihaugen.

Kilder:

Folketellinger, ministrabok for Vågå og Meløy/Rødøy

Mari Valbjørsløkken.

Klones

Av Ketil Sandviken

Klones var frå 1500-talet ein stor gard i Vågå som vart nærast halvert under Storofsen i 1789. Det vart ei ny storheitstid 70 år seinare, da engelskmenn kjøpte garden på auksjon for 5500 riksdalar. Klones var eit kultursenter i bygda fram til 1911, da det meste av innbuet vart seld på auksjon i Oslo og garden kom under hammaren. Da nytta Vågå kommune forkjøpsretten, og frå 1919 til 2009 var det skule og landbruksdrift. Fylkeskommunen eigde Klones ei lang periode, men i 2005 fekk kommunen åtte millionar for å overta.

Klones er ein gammal eigedom som blir nemnd i jordbøker, rekneskap og skattemanntal alt i 1520-åra. Da omtala som Klønnes, i 1594 som Klognes, i 1604 Klungnes, og så i matrikkel av 1668 Klongnes og i 1723 attende til Klohnes. Tidlegare Dagningen-journalist Kristian Mo skriv i jubileumbok om historia på garden, at ingen heilt sikkert veit opphavet til namnet, men at professor Oluf Rygh meiner at garden frå fyrst av har heitt Klungrness eller Klungraness og at dette kjem av klunger eller nypetorn, og at dette viser til den første ryddinga på eigedommen. Klones var frå gammalt av ein stor gard i bygda, men i Storofsen i 1789 gjekk halve eigedommen tapt.

Klones 1896. Alle foto i artikkelen er frå Grete Steigen.





Svend Klones var den siste som bar gardsnamnet. Han døydde 3. mai 1859, og den nest siste maidagen var det auksjon. Da kom storheitstida til Klones. Eardly John Blackwell og Theodore Rathbone kom i 1850 til Gjendeosen for å oppdage Jotunheimen. Der trefte dei nå så vidgjetne Jo Gjende. Blackwell vart gift med Mari Svee frå Kræmarsandbu, budde ei tid der og på Uleberg inntil dei kjøpte Klones og flytte inn der hausten 1859.

Våren etter vart det stor aktivitet, med ti mann i arbeid med jorddyrking, om- og utbygging. I 1866 døydde Blackwell, berre 34 år gammal, men papira var ordna og pengestraumen frå England heldt fram. Den staselege hovudbygningen, reist i engelsk herregardsstil, vart påbegynt i 1867 og stod ferdig med påbygg i 1873.

I 1895 overtok dottera Kari og ektemann, godseigar Jonathan Julius Års Fabritius. Garden heldt fram som kultursentrum, men Kari døydde brått i 1899, og Fabritius gifta seg opp att med ei frøken Jensen i Christiania. Fem år før han døydde, i 1911, vart storparten av den prektige kunsten og inventaret sendt til Oslo og seld på auksjon, og seinare kom garden under hammaren.

Skipsreiar Thomas Fearnley fekk tilslaget, men Vågå kommune nytta i 1916 forkjøpsretten, og eit par år seinare fekk Oppland fylke kjøpt garden til skuleformål. Etter å ha vore to år i Skjåk og to år på Lesja, kom i 1919 «Nordre Gudbrandsdalens Landbruks- og Husmorskole» til Klones, og sia vart det skule og landbruksdrift samanhengjande i 90 år fram til sommaren 2009.

«Hesteavl har ein lang og rik tradisjon i alle bygder i Gudbrandsdalen, og det var difor sjølvstakt at jordbruks-skulen på Klones måtte vera aktivt med i denne husdyravlen», skriv Kaspar Øvstedal, legendarisk vågåordførar og overlærer i jord- og husdyrbruk frå oppstart i 1919 til 1962, i 50-årsboka om Klones jordbruks- og husmorskule i 1969. I mellomkrigstida frå 1918 til 1940 var det mykje hest i bygdene våre og Klones trong minst fire brukande hestar sommar som vinter. Avlen kom i gang i 1929 da merra Frøy vart kjøpt på Tofte på Dovre. Klonesvarten vart den gjevaste av alle, og han heng det framleis bilde av i stasstugu på Klones.



Fearnley og Trond Eklestuen etter søre vegen på Klones.

Mang tusen ungdommar frå heile Gudbrandsdalen har i løpet av åra fått si utdanning her, og etter som det var både agronom- og husmorline så fekk skulen rykte på seg som dalens største ekteskapsbyrå.

I 2005 ville ikkje fylkeskommunen lengre stå som eigar, med ansvar og stell av 39 bygningar. Vågå kommune fekk åtte millionar til omstilling. I 2012 vart Klones seld.

Artikkelen er også publisert i Gudbrandsdølen Dagningen.

Klokkere i Vågå

Av Gunnar Ottosen

1630 – 1650.

Størk Christophersen, student, sønn av Vågåpresten Christopher Eriksson Glad. (anmerking: Jeg kan ikke finne at Størk Christophersen var sønn av presten Christopher Glad i de kilder jeg har sett, men kan likevel vært mulig.) Noen klokkergård var det ikke i Vågå på den tiden, men klokkeren fikk da noe jordveg på Halland, og bodde ellers i ei stue i nærheten av kirken. Størk ble etter hvert gift (kona + barnas navn ukjent), og de bodde først i prestegården, men satte senere opp ei egen stue på nevnte jordveg på Halland.

1650 – 1652.

Johan Størksen (sønn av ovennevnte) – overtok klokkervervet i ca 2 – 3 år. Den oppsatte klokkerstua råtnet ned mens han var klokker, så sistpå bodde han i tingstua.

1652 – 1665.

Christopher Størksen (bror av Johan Størksen sier Kleiven, men det er feil – se Norsk tidsskrift Personalhistorie bind III side 30 osv) hans foreldre var Størk Thomassen, student i Bergen skole 1618, sogneprest til Evenvik i Sogn, og døde der i 1663. Størk Thomassen var gift med datteren av Vågåpresten Christopher Glad, Margrete Glad. Christopher Størksen var født 1630 og døde i Vågå 1665 – det er et skifte etter han datert 5/10 1665. Han var gift med Aagott Pedersdatter og de bodde på en gård i Skårvangen. Det er nevnt 3 barn i skiftet:

1. Karrj Christophersdatter.

2. Størcher Christophersen, født 1661 – han var Tambur i 1682, og var hos Major Brun på Øi. Senere ble han sersjant på Terningmoen.

3. Peder Christophersen født 1665.

Ovennevnte Christopher Størksen hadde en bror – Gjert Størksen – som bodde på Ringebu i 1699.

1665 – 1666.

En **Ole NN** – var klokke i ca 1 års tid. Han hadde ikke noe eget bruk, men bodde der det falt seg.

1666 - ?.

Peder Olsen Blix var bruker av klokkergårdens jordveg, men bodde i tingstua til han døde.

? - ca 1679.

Jens Jensson Rosengaard tok over etter Peder Blix, og han bygde opp igjen klokkergården på Halland, samt ryddet noe av jordvegen. Han er nevnt som klokker i 1679.

1680 – 1709.

Christopher Hansen – fikk, etter avtale med Jens Jensson, klokke-rembetet i 1680 og flyttet inn i klokkergården. Trolig var han dattersønn av Christopher Størksen – eller på annen måte av denne slekta.

1710 – 1742.

Hans Christophersen født 1678 døde 1744, gravlagt i juli 1744, 66 år gammel – sønn av Christopher Hansen. Han overtok klokkerembetet etter sin far ca 1710. Han ble gift med Kari Einarsdatter S.Sandbu. I 1715 ble Smedsmo klokkergard, og Hans Christophersen flyttet dit. Men et forlik mellom Sogneprest Dop og han i 1717, viser at han må forlate Smedsmo. I 1726 kjøpte han Nordre Holbø av Amtmann De-Fine, ved et skjøte i København 2/4 1726 – men allerede i 1731 mistet han gården ved odelssøksmål. De flyttet da inn i Skotlien, og bodde der til 1742. I sine siste år som klokker, hadde han en hjelpeklokke ved navn Niels Pedersen, som trolig var fra Barstad på Sunnmøre. Denne Niels Pedersen var gift med Kari Syversdatter Haugøi. Niels Pedersen døde i februar 1744. Når det gjelder Hans Christophersen, er det ikke nevnt noen barn – eller skifteoppgjør.

1744 – 1776.

Mads (Matthie) Johannesen Borchsenius. Han var født i Sal i Danmark den 21/9 1714, og døde i Vågå, gravlagt i mai 1776. Han var utdannet ved latinerskolen i Holstebro. Tok så sin ex.philos i København i 1734. I 1736 kom han til Vågå som huslærer hos Sogneprest Andreas Munch, og var der til 1737 – da Munch forlot Vågå. Da hjelpeklokke Pedersen døde i 1744, foreslo den nye Vågåpresten Treschow, at Mads Borchsenius skulle overta stillingen. Som kokker fikk han da samtidig bruksrett til gården Søndre Sunde,

som var avelsgård for prestegården. Mads Borchsenius giftet seg i Vågå kirke den 15/9 1746 med Ingeborg Olsdatter Sund, født på gården Nedre Sund, Ytterøy Levanger – i 1718. Hun døde i Vågå og gravlagt i januar 1782. Ingeborg Olsdatter kom til Vågå i 1744 og var i tjeneste hos sognepresten. I ekteskapet var det følgende barn:

Maria Madsdatter, dp ¾ 1747, bor ugift på S.Sunde i 1801.

Berit Madsdatter dp 30/6 1748 – døde i 1749.

Johannes Madsen, dp 18/5 1750 – døde 1754.

Berte Madsdatter, dp 12/3 1752 – døde 3/5 1830 – ble gm Syver Olsen f ca 1757, døde 30/9 1834, og de ble brukere av S.Sunde.

Johannes Madsen, dp 11/9 1757 – døde 1760.

Alle barna brukte også familienavnet Borchsenius.

1776 – 1815.

Jacob Danielsen («Sandbuklokkeren».)

Han var døpt i Vågå kirke den 20/7 1749 og døde 7/4 1815, sønn av Daniel Jacobsen og Kari Pedersdatter, fra Berge i Nordherad. Jacob Danielsen ble gift i Vågå kirke den 21/1 1778 med Anne Syversdatter Sve, født 1755 døde 1844.

Med god hjelp av sin far samt Edvard Storm, ble Jacob Danielsen klokker i 1776, og han nevnes som en «dugande skolemester og klokker». De bodde på Nordigard Sandbu, som han kjøpte i 1778 av Syver Jonsen Sve for 1690 Rd. Barn i ekteskapet:

Gunild Jacobsdatter, f. 13/9 1778 – døde 1779.

Kari Jacobsdatter, f. 31/10 1779 – døde 1780.

Gunild Jacobsdatter, f. 27/8 1781 – døde 1842, gift 1802 med

Ole Guttormsen Sandboe, f. 1750, døde 1831.

Johannes Jacobsen, f. 1/1 1783 – døde 1870, gift 1811 med

Mari Poulsdatter Bjørnstad, f. 1791, d. 1876.

Rønnog Jacobsdatter, f. 15/4 1793 – gift 1817 med Guttorm Christensen Aasorn, f. 1791 d. 1866.

1815 – 1850.

Ole Olsen Dille, født Røros 1775, døde Vågå 20/12 1854. Han var gift i Norderhov kirke med Maria Paulsdatter, født Norderhøy i 1779, døde Vågå 31/8 1857. Ole Dille bodde på Norderhov, der han var lærer. Da den nye presten i Vågå – Fietzentz – fra 1814, trengte en ny klokker i 1815, og han tilsatte da Dille til jobben. Dille ankom hit i 1815, og flyttet inn på gården Hølen, som da var kirkegods og ble bl.a. brukt som «enkesete» - for prestekonene etter prestenes død – bl.a. Johanna M. Hauritz, som var gift med Johan Storm – som døde

i Vågå i 1776. Også kona til presten Peder S. Munch – Christine J. Storm – kom tilbake til Vågå fra Land Prestegjeld (der P.S.Munch døde i 1802) og bodde i Hølen fra 1810 til 1815. Ole Dille var også skolelærer og kirkesanger i tillegg til klokkerstillingen. Barn i ekteskapet:

Jens Cattlejon Dille, født 1812 døde 1841.

Kari Olsdatter, f. 1798, gift med Sevald Eriksen Kittelstad, Skjåk.

Olea Olsdatter, f. 1800, gm. Ole Bue.

Johanne Olsdatter, f 2/5 1805

Ole Dille kjøpte Skjerstulen i 1837, og dattera Kari Olsdatter m/mann overtok dette bruket.

1856 – 1863.

Ole Olsen Hetlesæter, født Stord 18/6 1827. Far Ole Bergersen Hetlesæter og mor Mari Olsdatter. Ole Olsen ble gift i Stord kirke den 19/7 1848 med Dorthe Cathrine Eliasdatter, f. Stord 1/12 1821. Ole Hetlesæter var bl.a. kirkesanger i Sogndal og Luster, før han og familien den 6/10 1856 kom til Vågå, og flyttet inn i Hølen. Han tok da over jobben som klokker, og ble samtidig førstelærer ved fastskolen i Vågå. Ole Hetlesæter syntes det var så lang vei fra Hølen til kirken og skolen, at han spurte presten Selmer om det var mulig å flytte til en nærmere plass. Dermed ordnet Selmer at han og familien fikk bytte gård med Anders Grindstuen i 1857. Anders Grindstuen syntes dette var et godt bytte, da det var langt bedre og større jordareale i Hølen. Med dette ble altså Grindstuen den nye klokkergården. I 1863 forlot familien Hetlesæter Vågå, og reiste til Moss, der han ble fattigforstander, og de bor der ved folketelling i 1865 og 1875. Barn funnet:

Ole Helenius Olsen, f. Sogndal 1849.

Christian Henrik Olsen, f. Sogndal 1851.

Dorthias Reinert Olsen, f. Luster 1852

Marie Elisabet Olsdatter, f. Luster 1855

Helena Oline Olsdatter, f. Vågå 1859

Olaf Olsen, f. Moss 1863

Beate Sofie Olsdatter, f. Moss 1865.

1863 – 1900.

Erik Throndsen Linner, født Nord-Odal 9/6 1832, døde Vågå 10/6 1900.

Han var gift med Andrea Knudsdatter, f. N.Odal 27/1 1831, døde Vågå 14/3

1924. Erik Linner tok sin lærerutdanning ved Asker Seminar 1853-55. I sept.

1860 kom han, som ungkar, til Tjølling kommune, der han var lærer ved Halsen skole. Kort etter giftet han seg med Andrea Knudsdatter, og hun flyttet inn hos

han i Tjølling. I 1863 kom de til Vågå, der han ble ansatt som lærer, klokker og kirkesanger. De bodde i Grindstuen, men en gang etter 1875 fikk de tak i ei stue fra gården Holen – og den ble flyttet ned til sentrum – og fikk navnet «Linnerstugu eller Linnerud». Det er ikke nevnt noen barn i ekteskapet. Fru Linner bodde i «Linnerstugu» til hun døde i 1924.

1900 – 1934.

Anders Michelsen Skrede, født Innvik 7/5 1866, døde Vågå 24/9 1942 – far: Bonde Michel Skrede, mor: Anna Olsdatter. Anders Skrede ble trolig gift i Sigdal med Agnete Pedersdatter Hammer, f 18/2 1866 i Innvik og døde i Vågå 22/6 1935. Anders Skrede tok sin lærerutdannelse på Stord i 1885. Han ble så lærer i Sigdal i 1887, Solumsmoen Sigdal i 1892, og kom til Vågå høsten 1900. Han bodde først hos Hans Volden, men da familien kom etter til Vågå, flyttet de inn i Grindstuen. Anders Skrede var klokker i Vågå i 34 år, i tillegg til lærerjobben. Han deltok i «Frilyndte ungdomsarbeid» i 45 år, var ivrig Venstremann, og fast skribent i «Decoraposten» i Amerika. Det var 6 sønner og 1 datter i ekteskapet:

Aslaug Andersdatter f. Sigdal 2/5 1892

Magne Andersen f. Sigdal 21/4 1894

Peder Andersen f. Sigdal 11/6 1895

Anders Andersen f. Sigdal 14/8 1897

Bodvar Andersen f. Sigdal 9/3 1900

Erling Andersen f. Vågå 27/8 1902

Ragnvald Andersen f. Vågå 27/4 1904.



Losje Ridderspranget med Anders Skrede i midten bak.

Fotoutlån: Gunnar Sandbo.

1939 – 1964?

Ole Martinus Antonsen Høgåsen, født Grue-Finnskog 2/8 1900, døde Vågå 1964, sønn av Selveier Anton Martinusen og Lina Olsdatter. Ole Høgåsen ble gift ca 1923 med Helga Oppheim – hun døde i Vågå i 1964. Høgåsen tok først Underoffiserskolen, deretter Lærerskolen i Oslo. I 1921 kom han til Skåbu som lærer, der han ble i 10 år. 1926/27 tok han Lærerhøyskolen i Trondheim. I 1931 ble han tilsatt som lærer ved Kjørem skole i Kvam. Julen 1939 kom han så til Vågå, og flyttet inn i Grindstuen. Høgåsen var da ansatt som lærer og klokker. Her kom han med i kommunestyret etter krigen, og deltok aktivt i politikken i 15 år, deri 5 år som ordfører (1946 – 51).

Barn funnet:

Sigmund Høgåsen f. 1925

Liv Høgåsen f. 1928

Kolbjørn Høgåsen f. 1934

Hallstein Høgåsen f. 1937.

1964 – 1976?

Karl Pedersen Nyhagen, var født på Ringebu 8/7 1901, og døde i Vågå i 1976, sønn av husmann Peder Pedersen Nyhagen og Anne Christensdatter.

Karl Nyhagen ble gift i Kvam kirke 3/1 1929 med Marit Kristiansdatter Kloppen, f. 1908. Karl Nyhagen var utdannet Lærer ved lærerskolen på Hamar. Han virket først som lærer i Skåbu, før han i 1932 kom til Otta. I 1937 flyttet familien til Vågå, hvor han bl.a. var leder for Vågå musikkforening fra 1937-1967. I 1941

arbeidet han som ekspeditør. Han overtok klokkervervet etter Høgåsen ca 1964.



1976 - ?

Johan Pedersen Bjørkheim, født i Vågå 11/1 1908 på gården Bjørkheim under N. Sandnes, sønn av Per Arnesen Bjørkheim og Guri Jonsdatter.

Johan Bjørkheim ble gift 7/9 1930 med Kari Hansdatter Ulsanden, f. 1904. Johan Bjørkheim overtok gården etter far sin i 1944 mot føderåd.

Ivar Kleiven nevner en del klokkere i et notat, som delvis benyttet her. Foto 1941 frå Opplandsarkivet Vågå.

Arbeidstimar for hest og folk på UppåStrond i 1931

Av Sigurd Nestande

Det eg har skrivi er etter timeliste frå mai 1931 og framover. I denne artikkelen tek eg med det eine året 1931, men eg har skrivi liknande om arbeidet på UppåStrond for kvart år fram til 2000. Det er skrivi timeliste fram til 1944. Frå 1945 hadde far K.K.Heie med mye noteringar, men ikkje mye av timar for folk og hest er notert. Frå 1936 da far tok over er det skrivi ned meir av kva som vart gjort, og hendingar på garden. Og frå 1950-åra har eg og ført dagbok over ymse hendingar og arbeid. Etter 1956 er det skrivi litt kvar dag av meg.



Blakka og Sigurd sist i april 1957. Fotoutlån: Sigurd Nestande.



Høykjøring frå Uppåstrond-setra.

Sigurd Nestande d.e. på lasset. Fotoutlån: Sigurd Nestande.

Det første eg har er frå april 1931 i liste frå Norges Vel. Det er ført nøyaktig timar over alt arbeid både ute og inne, og i april dette året har Blakken vore brukt 58 timar i jordbruket, 2 timar i husholdning (vore «søte» til Vågåmo på handel?), og 6 timar privat (kyrkjeskyss?). Bestefar Sigurd Nestande har arbeidd 188 timar på 24 dagar, bestemor Elise Nestande, født Einbu, har arbeidd 211 timar, 72 i gardsbruket (har vel vore med og mjølka for det er 3 timar per dag), 120 timar i husholdninga og 19 privat (kva no det er?). Tante Bergljot f. 1906 har heile 263 timar utan ein fridag, med 210 timar i fjøset, 45 i husholdninga og 8 privat. Far, Per S. Nestande f. 1908, arbeidd i 199 timar i 24 dagar, berre jordbruk. Er vel 8 timar per dag, og Olav Nestande f. 1916, yngste barn til Sigurd og Elise, har arbeidd i 63 timar også i 24 dagar. Han var da 15 år gamal.

Kven	Garden	Hushald	Privat	N ?	Totalt
Bestefar Sigurd	2413	2	3	98	2516
Bestemor Elise	741	1600	252		2593
Bergljot	2473	419	143		3035
Far Per	2497	2	47		2546
Olav	849				846
Asmund Blankenborg	108				108
Rønnaug Bø	3	40	113		156
Tilfeldige	215	9	106		330
Sum i alt	9296	2072	664	98	12130

Tabellen viser arbeid 1. april 1931 til 31. mars 1932. Det var voldsomt med arbeid.



I mai er det våronn og meir arbeid. Blakken har gått i skjækene i 204 timar, i tillegg er det leigt hest frå Blankenborg i 45 timar (er vel til pløying og harving). Også folk på garden har fulle dagar: Bestefar med 213 timar, bestemor 169, Bergljot 277, far 196 og Olav 171. Og så er det tilfeldige med 63 timar; mest privat med 45, hushaldet med 9 og jordbruket også 9 timar. Og så er det R. Bø, det er Rønnaug Bø som budde i grenda og tok dagarbeid med baking, slakting osv.

Juni er rolegare for Blakken, berre 55 timar (har nok hatt det godt oppi lykkja da). Men folk har arbeidd like mykje. Truleg tatt til med slåtten heime den 6. juli. Blakken brukt 78 timar i juli. «Begynt med slåtten» står det den 27. juli, men det må vere sæterslåtten. 9 timar per dag for bestefar, far og Bergljot som var på sætra. Olav har arbeidd 139 timar på 27 dagar og tilfeldige har 54 timar på garden (må ha vore 2 stk den 27. for da er det notert 18 timar).

August er hard for Blakken med 153 timar, heime og på sætra. Står at «køyrte siste høyllass» den 8. august. Må vera heime det, for den 29. august er notert: «Køyrte inn på sætra unntagen grønføret».

September er det enda meir hestearbeid med 166 timar for Blakken. I tillegg er det leigt hest frå Blankenborg i 72 timar, bl.a. 3. og 5. september som truleg er pløying på sætra, eller kanskje dei har leigt med hest i skuren til slåmaskina, for skuronna tok til 31. august. Asmund Blankenborg f. 1914 har skore 11 treva da, og far 15 treva. Og frå 1. til 5. september har Asmund vore her og skore 11 treva per dag, far 15 treva i 3 dagar og 10 den 5. september. Bestefar står for 9 til 11 treva, står det.

Rart at dei skar med skjeror synest eg, for bestefar var vant med frå Lesja at dei brukte slåmaskin med avleggarapparat.

Potetonn 14., 15. og 16. september, da er også Asmund her, og i tillegg Rønnaug Bø 3 timar den 14. Og så står det på tilfeldige, J. og O.S., med til saman 39 timar. Og hest frå Blankenborg i 7 dagar frå 14. til 21. september. Dersom dei leigde potetopptakar måtte dei ha 2 hestar, og i tillegg kunne dei ha vore på sætra, for det står at: «Køyrte inn på sætra» 7. september (er vel grønføret som er innkome), og ferdig med skuren 9. september. I oktober er det også køyrte mye med 124 timar og 27 leigt hest frå Blankenborg, men det er vel haustpløying det er leigt hest til da.

I november er det roleg for Blakken med berre 38 timar, men meir att i desember med 80 timar. Ser ikkje ut til å ha vore høykøyring frå sætra, kanskje den 23., for da er det notert 9 timar på Blakken. Asmund Blankenborg har vore her 29. og 30. september, og 1. oktober. Truleg er det neponna han har vore med i. Olav tatt til på framhaldsskulen 14. oktober, og truska 23. og 24. oktober. Da er det leigt med 4 mann den 23. og 5 mann den 24., for det er notert 36 timar og 42 timar på tilfeldige dei dagane.

Fram til 1936 er timelistene ført frå 1. april til 31. mars året etter, så eg har ikkje årssammendrag for 1931. Frå april 1931 til 31. mars 1932 er det brukt 1400 timar hest i jordbruket, herav 144 timar leigt hest frå Blankenborg. Det er brukt 9 timar hest i husholdning og 18 privat. Til saman 1427 timar.

Januar 1932 er Blakken brukt i 88 timar. Men etter timetalet ser det ikkje ut til å ha vore mykje høykøyring, berre 7. januar er det notert 9 timar. Men det er mogleg at far har greidd lasset på 8 timar, elles er det køyrte ved frå lia både i januar, februar og mars. Kanskje noko køyring frå Randsverk og. Den 16. mars er siste høylasset heim kome, i alt 35 lass.

Museumstanken

Av Dag Aasheim

Vågå Historielag vart stifta den 23. februar i 1929. Allereie året etter vart tanken om eit bygdemuseum for Vågå drøfta. Men det skulle ta mange år før tanken vart ein realitet.

Det var Kaspar Øvstedal som ”innleidde til ordskifte um eit Vågåmuseum” på årsmøtet den 12. april i 1930. Frå møtereferatet les vi vidare: ”*Det vart einrøystes vedteke å halda ein basar til inntekt for museum for Vågå. Basaren skal haldast ikring 20. mai i år*». I eit seinare referat les vi at ”*Nettoutbyttet vart 567,90 kr, som er innsett i Vågå sparebank*”. Museumstanken slo nok an, for det same årsmøtet gav Pål TH. Nygård ”*fullmakt til å kjøpe til historielaget (til bygdemuseum) ein slede på Snerle-auktionen,- han kan gå upp til 250 kr*”. Referent var formann Anders Skrede. I årsmeldinga for 1930-1931 les vi at ”*Museumstanken later til å vinne gjenklang i bygden og formannen har kjennskap til at historielaget er sikret et par pene samlinger samt løfter om en verdifull gave*”. Formann og referent var Simen Wolrath.

Og gåvene strøymde på; i 1932 og 1933 fekk historielaget ei mengd gåver frå privatpersonar. I tillegg tok laget opp lån i Vågå Sparebank for å kjøpe opp ”*fra Kleppe søndre et framskap av Seterdalen, maleri av Veggumsmaleren, 1 kirkeslede og en gammel kobberkjel...*”. Fire av styremedlemmane kausjonerte for lånet. På årsmøte i januar 1934 fekk styremedlemmane Anders Skrede og Jo Nordahl ”*fullmakt til å kjøpe inn til bygdemuseet lugume ting på auksjonar og ved liknande høve*”. Antikvitetar og kunst i historielaget sitt eige vart nå lagra på Klones og dels i bankhvelvet. Seinare og på Øy og nigard Sandbu. Allereie i 1933 var ”*bygdemuseets eiendele forsikret i Vågå Brandkasse for kr 3000*”.

På styremøte i juni i 1934 kasta styremedlem Ola Lunde fram tanken ”*um å freista få kjøpt eit eller fleire gamle hus på Gamlegarden Sandbu til Vågåmuseum. Kanskje med hjelp frå Kyrkjedep?*” Det vart ikkje noko vedtak, men styret skulle vera merksame på saka. Seinare same året les

vi i protokollen at Jakob Sandbu fekk i oppdrag å leggje fram for arvingane etter Fred. Olsen spørsmål om å få kjøpt Gammalgarden Sandbu til historielaget. Han forhandla med ein advokat som *"fant Tanken tiltalende og stilte seg velvillig. Men – Pengene? Hvor skal man ta dem fra?"* Referent er nestformann Jo Nordahl. Elles dreia mykje av arbeidet i tida 1934-39 seg om handsaminga av testament og eignedelar etter Ivar Kleiven og å få ordna med ein park med ein bauta av bygdehistorikaren.

Så i årsmeldinga for 1936, datert 3. april 1937 og ført i pennen av formann Jakob Sandbu les vi: *"Et spørsmål som burde vises særlig interesse er å skaffe laget hus..., ... med adgang for publikum vilde både interessen og samlinga vokse"*. Og samlinga av skrift, kunst og antikvitatar som vart gjeve til historielaget voks for kvart år. Gåvene vart protokollerte i årsmeldingane. Men det skulle gå enda 20 år før draumen om eige museum vart ein realitet. I styremøte den 1.april 1940 vart det valgt *ei "nemnd til å arbeide for å skaffe Historielaget eget hus. Valgt blev: G. Gjesling Sandbo, Torkill Kvarberg og sorenskriver Ohlson"*.

Så kom krigen og tanken om eige hus vart dels tilsidelagt, men ikkje heilt. I ei - forståeleg nok - subjektiv årsmelding for åra 1943-1945 skriv Kaspar Øvstedal blant anna at formannen G.G Sandbo under krigen *"..nekta avgjort å gjera tenesta. Og soleis laut eg som varaformann taka umbodet"*. Og vidare: *"Tida vart slik at eg fann det rettast å gjera seg så liten og usynleg som mogeleg - og så lenge krigen varde... , tykte eg at laget ikkje skulde gjera noko"*. Om hus-saka meiner Øvstedal at *"Ved hjelp av det nazistiske kulturdep. kunne det vore ordna i dag,...., men eg ville ikkje rette dei handi – slik som heimbygdlaget i Lom. Eg meiner enno at eg gjorde rett. Dette lyt dømast av andre og seinare slekter"*.

På årsmøte 25. april 1946 var det vald ny museumsnemnd. G. Gjesling Sandbo og Torkill Kvarberg vart attvalde, og fekk nå med seg Ingvald Kleiven. To år seinare vedtok årsmøtet etter framlegg frå formannen i nemnda, G.G. Sandbo, at styret i samråd med husnemnda kunne bruke inntil kr 2500,- til kjøp av ein gammal låve på Sygard Kleppe. Vidare les vi i årsmøtereferatet at: *"Like eins må dei gjera det som gjerast kan for å få tak i ei tuft til museum"*. Låvehandelen på Kleppe vart det ikkje noko av, frå årsmeldinga for 1948 ser vi at *"prisen tyktes vera for stor,- kr 5000."*

Så lyt vi til 1950 før vi finn noko om hus-saka i protokollane. I styremøte-referat frå 8. mars les vi: *"Styret enedes om at husnemnden skal inngå med forespørsel til Erland Berge om han kan selge stuen på Sunde og i tilfelle til hvilken pris"*. Dei som kjenner historia skjønar nå at dette vedtaket var fyrste steget på rette vegen til eit eige museum i bygda. Og på styremøte berre tre veker seinare har husnemnda med seg eit konkret tilbod der Berge byr fram den gamle stugu og eit stabbur for kr 20.000. Erland Berge varsla om at dersom historielaget ikkje ville kjøpe, kom husa til å bli selde ut av bygda. Men han hadde ikkje hastverk med salet, og gav historielaget forkjøpsrett. Og nå vart det fart i sakene. Berre ei veke etter dette, den 4. april 1950, vart det halde årsmøte og nå var stallen frå Sunde også med i tilbodet. Prisen for denne var sett til kr 1000. Erland Berge gav løyve til at husa kunne få stå på Sunde til 1. mai 1956. Årsmøtet vedtok samrøystes å kjøpe alle tre husa. Styret vart pålagt å skrive kjøpekontrakt. *"Like eins vert styret pålagt å søkje tilskot frå personar, lag og institusjonar og om lån i Vågå sparebank til finansiering av tiltaket"*. Det vart seinare søkt om kr 20.000 i lån. *"Eidefoss Kraftanlegg"* gav kr 1000.

Men framleis mangla laget tomt til museet. Og nå skjedde ting fort: Årsmøtet tok like godt ei synfaring der og da, og valde seg ei tomt *"på Prestegarden"*. Styret vart pålagt *"å søkja om å få tak i denne tufta snarast mogeleg"*. Og ting gjekk rett for seg; det er protokollført at *"Erland Berge røysta ikkje i denne saka"*. Tomta vart likevel ikkje aktuell da departementet nekta sal. I årsmeldinga for 1950 ser vi at *"nemnda har sett på toft i Kustigholet og denne vil truleg høve visst så godt med tanke på å få eit bygdetun og ein stemne plass"*.

På fyrste styremøte i 1951 valde styret 19 personar som skulle samle inn pengar til museet. Korleis dette gjekk går ikkje fram av protokollane. Men det vart søkt om tomt til husa i august i 1952, og i november vart formannen pålagt av styret å purre departementet på avgjerd. Den 9. januar i 1953 vart det styrevedtak på å sende ny søknad på tomt i Kustigholet, denne gongen med alternativ på Matåkeren – som tidlegare hadde vorte avlege – eller på Halland. Eit vedtak lydte slik: *"Ein vart samde om å få sakkunnige folk til å sjå på og gjeva rettleiing om tuftespørsmålet, og plan for framtida"*. På årsmøtet den 15. april i 1953 vart det vald ei ny museumsnemnd på 6 personar. Same møtet vedtok også å melde Vågå Historielag inn i Norske Museers Landsforbund. Avgjerda om tomt

drog ut i departementet, og formannen Jakob Sandbu reiste til Oslo for å få fortgang i saka. Elles skipa laget til både basar (kr 2000 i overskot) og ein Olsokfest med omfattande program på Sunde. Eidefoss Kraftanlegg støtta på ny historielaget og gav kr 2000 til husfondet. Det same gjorde heradstyret.

I mars 1954 vedtok styret å sende Anton Ryen og Torkill Kvarberg til Oslo for å tale med direktør i Norske Museers Landsforbund for å få godkjent plan for eit bygdetun. Korleis dette gjekk i fyrste omgang er ikkje referert. Men historielaget skal få byråkrati å hanskast med: Det viser seg at Kyrkjedep. set som krav at sakkunnige på museumsområdet må gjeva saka sin stønad før tomt i Kustigholet kan bli godkjent.

Direktøren i Norske Museers Landsforbund blir rekna som sakkunnig, men vil ikkje godkjenne planane for *"eit kunstig museum i Kustigholet"*, og når *"Vassdragsvesenet har skjemt så ut kring tufti"* ser ikkje planane lyse ut. I protokollen til historielaget les vi om Landsforbundet at *"dei helst ser at historielaget får tak i eit gammalt bygdetun og set i stand det, ... og viste elles liten interesse for vår plan"*.

Historielaget måtte nå sjå seg om etter eit komplett gardstun som kunne overtakast, men korkje N.Kleppe, Haugøy eller Nesset (mot Lom) som var alternativa, var til sals. Torkill Kvarberg, nå saman med ordførar Bjørkheim reiste på ny saka for direktøren i landsforbundet som lova å ta ho opp att. Leif Løchen vart av direktøren godkjent som museums-sakkunnig.

Men enda ein gong skal historielaget få møte byråkratiet: Det viser seg at søknaden om tomte i Kustigholet har vorte borte både i Kyrkjedepartementet og hjå Norske Museers Landsforbund. Ein person tok affære, og i referat frå styremøte 27. okt 1954 står det: *"Ingvald Kleiven har nyleg vore i deptet og vart av byråsjef Halvorsen beden om å få ny søknad so vilde saka bli ekspedert derifrå med ein gong og skulde Vågå Historielag få tufta utan umsyn til Norske museers landsforbund"*. Nå såg det altså ut til at departementet var villige til sjå burt frå stønad frå "sakkunnige". Kanskje var dette for å bøte på sommel og rot, - eller var det Ingvald Kleiven som hadde greidd å overtude byråsjefen om planane? Ny søknad vart send same dagen – gjennom soknepresten.

På årsmøtet 28. april 1955 fekk "husnemnda fullmakt til å nytte den medelen laget rår over til flytting av Sundstugu". Dette tyder på at tomtesaka er avgjort og at arbeidet med eit bygdetun kan setjast i gang. Truleg har husflyttinga teke mykje av tida til dei styrande i historielaget, for det går nå eitt og eit halvt år før noko er protokollført. Men den 26. oktober 1956 kan vi lesa i eit styremøtereferat at Ingvald Kleiven har lagt fram melding om arbeidet. "Denne blir å innarbeide i årsmeldingen". Og frå same møtet: "Etter forslag frå I.H.Kleiven blev man enige om å foreslå for årsmøtet at navnet skal være Jutulheimen". Styret vedtok å "holde årsmøte hos Anne Lie søndag 4. november".

På årsmøtet 4. november 1956 vart framlegget om namnet *Jutulheimen* samrøystes vedteke. "Etter årsmøtet reiste alle i buss til bygdetunet der Marit Nyhagen tok imot folket og trakterte med kaffe. Varme på peisen og einer på golvet". Frå årsmeldinga går det fram at Paul H. Løkken og



Pål Runningen, Jo Hølmo og Olav Steinli. Fotoutlån: Kari Hjellum.

Jo Hølmo vart leigde til tømmer- og snikkararbeid. Dei arbeidde heile sommaren 1955 og held fram i 1956. Mange andre deltok på dugnad, og i tillegg til Sundstugu vart det oppsett eit Kvernhus frå Sandbu , stabburet frå Sunde og ei tørrstugu frå nigard Sandbu. Sommaren 1956 vart det og *"lagt dansegolv i dokki bak husi"*, og *"laget hadde ein enkel fest på det nye dansegolvet 28.juli 1956"*. Vidare går det fram av årsmeldinga at *"Festekontrakt med Kyrkjedepartementet har ein framleis ikkje fått"*. Derimot har *"Statens museumsdirektør ved brev av 8.oktober 1955 godkjent planlegginga av bygdetunet og plasseringa av husi som er uppsett"*.

Over til 1957, frå møteprotokollen den 4.juni: *"Ingvald H. Kleiven har på vegne av Historielaget forhandlet med John Jøndal om kjøp av den gamle stuen på Øy"*. Handelen gjekk i orden, og *"Kontrakt med Jøndal ble underskrevet av ham og for Historielaget av Olav Råstad"*.

Berre tre dagar seinare, var det møte i Jutulheimen der plassering av Øiastugu var tema. Eit forslag frå husnemnda vart godkjent av styret. *"Riss med mål over plasseringen innføres i protokoll for husnemnda"*. *"Våren 1957 vart den gamle stallen på Nordigard Blessom kjøpt og uppsett i Jutulheimen som friluftsscene"*. Og som ein kuriositet : *"År 1957 den 24.juni var styret for Vågå Historielag samlet i Vågåmo for å møte Statens Museumsdirektør som hadde tilsagt sitt nærvær i Vågåmo i dag. Han kom dog ikke"*. I staden gjekk styret til skogforvaltar Kristiansen *"for å drøfte forslag til festekontrakt for bygdetunet i Prestegardsskogen"*. Historielaget hadde enda ikkje fått formell kontrakt på tomte. Det vart semje om at skogforvaltaren skulle kome med eit skriftleg forslag til kontrakt. I ei seinare melding for 1957 – 1963 les vi at *"Kjøpekontrakt frå Kyrkjedepartementet kom i stand i 1957"*. Truleg har skogforvaltaren fått fortgang i saka.

Frå styremøtet 24. juni 1957: *"Da det nå er von om å få i stand friluftsscenen ved danseplattningen til ca 20. juli blev man enig om å holde åpningsstevne i Jutulheimen søndag den 21. juli"*. Og opningsstemne vart det. Med høgmesse i Vågåkyrkja og stort folketog frå Vågåmo til Jutulheimen med prolog, taler og kulturelle innslag. (Les meir om opningsstemnet i Jutulen for 2008).



Pål Runningen, Hans Åsen og Olav Steinli. Fotoutlån: Kari Hjellum.

Arbeidet med museumstanken som Kaspar Øvstedal innleidde til ordskifte om i 1930, og som historielaget arrangerte sin fyrste basar til inntekt for same året, tok 27 år.

Kjelde: Møteprotokoll 1929-1977 for Vågå Historielag.

Vågå Historielag: Årsmelding 2013

Arrangement

Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Jakup Skjedsvoll hadde foredrag om kjeldebruk i slektsgransking og lokalhistorie med bl.a. skifte, skatt og panteregister. Det var 75 år sidan flaumen i 1938, dette vart markert på årsmøtet med radioopptak frå den gongen med bl.a. intervju med fleire vagverar. Unn Bostad tok for seg historikk om Prestgarden og Prestgardshagen. Det vart arrangert fotokveld der innsamla gamle foto vart vist på storskjerm. Vegard Veierød hadde tre kulturhistoriske vandringar i Bøneslia og ved Flokka og Mela. Historielaget hadde saman med Margit Hoen som leiger Pulløybua markering på Pulløya av at bua var 200 år. Det vart fortald om historia til bua og om Gullbrand Snerle som bygde ho. Torvstrøhuset ved Sandranden vart ferdig, Langmorkje Almenning og Vågå fjellstyre har støtta dette tiltaket. Huset vart opna i oktober, det vart da fortald om torvstrøhistoria.

Jutulheimen

Historielaget hadde stor utstilling i Jutulheimen med maleri, teikningar mm. av Trygve Haakenstad i samband med at det var 100 år sidan han vart fødd, Ola Grøslund innleia med foredrag om Haakenstad. Elles er det Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Dei hadde utstilling og foredrag om Sjørdalstrioen og ei minnebokutstilling, medan Johan Storm Munch heldt foredrag om Edvard Munch og Vågå. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og har nå fått ein representant i styret. Historielaget er aktivt med i planleggjing og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar, fokus siste tida har vore behovet for gjenstandsregistrering og magasin. Historielaget har fått gåve frå Lions Club Vågå til uteanlegget i Jutulheimen.

Prestgarden

Paktarbustaden er bortleigd som bustad medan låven, aurbua og del av fjøset er bortleigd som lager. Kunstnaren som bur i paktarbustaden leiger Studeren til sine aktivitetar. Delar av hovudbygningen er utleigd til

Dagsenteret og husflidslaget. Husflidslaget har stor aktivitet der, og har også hatt fleire opne arrangement. Under Vågå-dågå var det forskjellige utstillingar i Ullinsvin, og bygdakvinnelaget baka i eldhuset. Golva i peis-stugu og på kjøkkenet er slipte og lakka. Det er innkjøpt oppvaskmaskin og ein del mindre utstyr. Toalettet i fyrste etasjen er sett i stand att, og gamle panelomnar i stugu er utskifta. Det er i stand ny el. installasjon i stabburet. Låven er rydda og har vore brukt til enkelte bildeutstillingar, det er installert ljøs for dette.

Pipene og eldstadane i hovudbygningen og Studeren er stelt slik at dei er lovlege å bruke, Stiftelsen UNI har gjeve støtte til dette. Svala på Studeren er restaurert, og arbeidet med eldhuset er fullført. Panelen på taket på lysthuset er utskifta. Norsk kulturminnefond og Oppland fylkeskommune har gjeve støtte til desse tiltaka på freda bygningar, gåva frå sveitsisk Norgesvenn har stått for reisten av finansieringa.

Prestgardshågein

Hagegruppa i historielaget har fullført restaureringa av hagen. Hellegangar, grusgangar, sitjeplassar, rosebed, fjellbed og staudebed er på plass. Nytt flettverksgjerde nedantil er ferdig. Det er tilskot frå riksantikvaren som har finansiert dette. Det er organisert ei gruppe som har ansvar for stell, luking, vatning mm., det er fordelt ansvar for kvar veke. Også plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet er utført på dugnad. Avduking av byste av Edvard Munch under Vågå-dågå fungerte også som ein presentasjon av den nyrestaurerte Prestgardshågein. Seinare har det vore mykje besøk i hagen, og i desember var det fakkeltog, kransenedleggjing og kunstutstilling i samband med 150-årsdagen til Edvard Munch. Unn og Birger Bostad fekk kulturprisen for Vågå, og innsatsen med Prestgardshågein er ein del av grunngevinga for tildelinga.

Laget ellers

Frå årsmøtet 8. mars 2013 har styre vore dette:
Knut Raastad styreleiar, Dag Aasheim nestleiar
Reidun Sønstelién, Håkon Ulsand og Arne Strand styremedlemmar
Bjula Ulsletten, Even Luseter og Jonny Brenden varamedlemmar
Det har i året vore sju styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 410 medlemmar.

God oppslutning om frivillig medlemskontingent gjer utgjeving av års-skriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende. Innsamla gamle bilete blir utlagt på heimesida *vaagaa-historielag.org*. Historielaget har som gåve fått att-verande kapital frå Vågå Frørenseri. Ola Grøslund har spelt over gamle lydbandopptak til digital harddisk, dette er opptak av intervju med eldre folk som historielaget har gjort i tidlegare tider. Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten.

Det vart invitert til befaring og visning av buene ved Gjendeosen i samband med Besseggløpet. Seinare har det vore registrering av behov for vedlikehald. Studioet er rydda og reingjort for støv. Det er frågrave torv frå døra til studioet, dette er brukt på taket av Klonesbua til å dekkje der platon-pappen låg fri. Eit utskore skap i Klonesbua er reparert. Buene vil kunne lånast ut til historielagsmedlemmar.

Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2013.



Frå avduking av byste i Ullinsvin, frå venstre Birger Bostad, Edvard Munch, riksantikvar Jørn Holme og Unn Bostad. Foto: Knut Raastad.